



# Kartlegging av naturtypar i Giske kommune



Rapport av Dag Holtan

Forsidebilete:

1. Purpurmarihand, Molnes
2. Strandkål, Alnes
3. Engmarihand, Rørvikvågen
4. Sandstarr, Rørvikvatnet

*Fotograf Dag Holtan*

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Første runde av dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Giske kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Giske kommune av biolog Dag Holtan. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattaren ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Sjøholt 16.01.2004

Dag Holtan  
prosjektansvarleg

# INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	<b>1</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>2</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>4</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>7</b>
BAKGRUNN .....	7
FØREMÅL .....	7
NOKRE OMGREP .....	7
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>9</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	9
VERDISSETTING OG PRIORITERING .....	11
PRESENTASJON .....	11
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>13</b>
HISTORIKK KRING UTFORSKINGA AV NATUREN I GISKE .....	13
LANDSKAP M.M. ....	13
KLIMA .....	14
GEOLOGI .....	14
LAUSMASSAR .....	14
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering .....	14
<b>RAUDLIS TEARTAR</b> .....	<b>16</b>
GENERELT .....	16
LAV .....	21
MOSAR .....	21
PLANTAR .....	21
SOPP .....	21
FUGL .....	21
PATTEDYR .....	21
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>22</b>
OVERSYN .....	22
ERKNA: (VILTLOKALITET) .....	22
GISKE: AUST FOR BUHOLMEN (SANDDYNE) .....	23
GISKE: GISKE FUGLEFREDINGSOMRÅDE (STRANDENG OG STRANDSUMP) .....	23
GISKE: GISKE UTMARK (INTAKT LÅGLANDSMYR) .....	24
GISKE: SANDVIKA (SANDDYNE) .....	25
GODØYA: AUST FOR ALNES (ANDRE VIKTIGE FØREKOMSTAR) .....	25
GODØYA: ALNES (NATURBEITEMARK) .....	26
GODØYA: ALNESRAUDEN (VILTLOKALITET) .....	26
GODØYA: KANNESET (SØRVENDT BERG OG RASMARK) .....	27
GODØYA: LESTABUKTA (ANDRE VIKTIGE FØREKOMSTAR) .....	28
GODØYA: LESTEN (KYSTLYNGHEI) .....	28
GODØYA: SANDVIKA (SANDDYNE) .....	29
VALDERØYA: SKJONGHELLAREN (SØRVENDT BERG OG RASMARK) .....	29
VALDERØYA: SÆTREDALEN (VILTLOKALITET) .....	30
VIGRA: BLIMSHAUGEN (NATURBEITEMARK) .....	30
VIGRA: BLIMSSANDEN (SANDDYNE) .....	31
VIGRA: BLINDHEIM (INTAKT LÅGLANDSMYR) .....	32
VIGRA: BLINDHEIMSVIKA FUGLEFREDINGSOMRÅDE (STRANDENG OG STRANDSUMP) .....	32
VIGRA: HAGENESSET (KYSTLYNGHEI) .....	33
VIGRA: LANGHAUGEN (NATURBEITEMARK) .....	33
VIGRA: LANGHOLMEN (VILTLOKALITET) .....	34
VIGRA: MOLNES NATURRESERVAT (NATURBEITEMARK) .....	35
VIGRA: MOLNESURENE (SØRVENDT BERG OG RASMARK) .....	36

VIGRA: ROALDSNESET (SANDDYNE).....	37
VIGRA: ROALDSSANDEN FUGLEFREDINGSOMRÅDE (SANDDYNE).....	37
VIGRA: RØRVIKVATNET NATURRESERVAT (KYSTLYNGHEI).....	38
VIGRA: RØRVIKVÅGEN (FUKTENG).....	39
VIGRA: RØRVIKVÅGEN FUGLEFREDINGSOMRÅDE (STRANDENG OG STRANDSUMP).....	39
VIGRA: RØSSVIKA (STRANDENG OG STRANDSUMP).....	40
VIGRA: RØSSVIKA: TØRNESET (KYSTLYNGHEI).....	40
VIGRA: STORHOLMEN (VILTLOKALITET).....	41
VIGRA: SYNNEFJELLET (KYSTLYNGHEI).....	41
VIGRA: SYNNEVÅGEN NATURRESERVAT (STRANDENG OG STRANDSUMP).....	42
<b>KUNNSKAPSSTATUS.....</b>	<b>43</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET.....	43
UTFORDRINGAR I LOKALFORVALTINGA.....	43
<b>KJELDER.....</b>	<b>44</b>
GENERELL LITTERATUR.....	44
LITTERATUR SOM BERØRER GISKE.....	44
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER.....	54
MUNNLEGE KJELDER.....	55
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>56</b>
PLANTELISTE FOR GISKE.....	56
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR.....	58
SOPPLISTE FOR GISKE.....	65
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR.....	66
LAVLISTE FOR GISKE.....	67
FUGLELISTE FOR GISKE.....	68

# SAMANDRAG

## **Bakgrunn og føremål**

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betra kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ein lekk i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einiskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i vidare planarbeid.

## **Metodikk**

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller krøvfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta litteratur, Naturbasen m.m. hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjende folk. For å skaffe fram ny kunnskap vart det satsa ein del på feltarbeid, i alt 18 feltdagar vart loggførde i 2003. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioriterte etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## **Historisk utforsking av Naturen i Giske**

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Giske frå opplysningstida på 1700-talet og fram til i dag. Mesteparten av kjeldene stammar frå etter 1970, m.a. alle statlege verneplanar og dei fleste forvaltingsrelevante arbeid elles.

## **Naturgrunnlag**

Dei ulike naturtypane i Giske er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Giske er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarker og kystlynghei) og myr. Giske har i visse område ein berggrunn som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande plantar m.m.

## **Naturtypar i Giske**

**Tabell 1.** Verdifulle naturområde i Giske fordelt på naturtypar og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Naturtype	Verdi		
	A	B	C
<b>Myr</b>			
Intakt låglandsmyr	1	1	
<b>Rasmark, berg og kantkratt</b>			
Sørvendt berg og rasmark	1	2	
Andre viktige førekomstar		2	
<b>Kulturlandskap</b>			
Naturbeitemark	4		
Kystlynghei	2	2	1
Fukteng		1	
<b>Hav strand/ kyst</b>			
Sanddyner		3	3
Strandeng og strandsump	3	1	1
<b>Sum</b>	11	12	5

## Viktige lokaliteter i Giske

Nedafor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 og oppover. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, desse er ikkje tekne med her, då det i rapporten får halde med eitt nummer.

**Tabell 2.** Verdifulle lokalitetar i Giske. Tabellen gjev ei oversyn over avgrensa og verdisette lokalitetar sorterte alfabetisk etter namn. Namnsettinga er freista gjort slik at nærliggande lokalitetar hamnar saman. Alle lokalitetsnummer tek til med 1532- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste delen av nummeret teke med. Ein har også inkludert viltområde (helst hekkeområde for sjøfugl), sjølv om dei ikkje inngår i metoden som rapporten er utarbeidd etter (DN 1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype <sup>1</sup>	Verdi
1	Erkna	Viltlokalitet	A
2	Giske: aust for Buholmen	Sanddyne	B
3	Giske: Giske fuglefredingsområde	Strandeng og strandsump	A
4	Giske: Giske utmark	Intakt låglandsmyr	B
5	Giske: Sandvika	Sanddyne	B
6	Godøya: aust for Alnes	Andre viktige førekomstar	B
7	Godøya: Alnes	Naturbeitemark	A
8	Godøya: Alnesrauden	Viltlokalitet	B
9	Godøya: Kannset	Sørvendt berg og rasmark	A
10	Godøya: Lestabukta	Andre viktige førekomstar	B
11	Godøya: Lesten	Kystlynghei	B
12	Godøya: Sandvika	Sanddyne	C
13	Valderøya: Skjonghellaren	Sørvendt berg og rasmark	B
14	Valderøya: Sætrødalen	Viltlokalitet	C
15	Vigra: Blimshaugen	Naturbeitemark	A
16	Vigra: Blimssanden	Sanddyne	C
17	Vigra: Blindheim	Intakt låglandsmyr	A
18	Vigra: Blindheimsvika fuglefredingsområde	Strandeng og strandsump	B
19	Vigra: Hageneset	Kystlynghei	B
20	Vigra: Langhaugen	Naturbeitemark	A
21	Vigra: Langholmen	Viltlokalitet	C
22	Vigra: Molnes naturreservat	Naturbeitemark	A
23	Vigra: Molnesurene	Sørvendt berg og rasmark	B
24	Vigra: Roaldsneset	Sanddyne	C
25	Vigra: Roaldssanden fuglefredingsområde	Sanddyne	B
26	Vigra: Rørvikvatnet naturreservat	Kystlynghei	A
27	Vigra: Rørvikvågen	Fukteng	B
28	Vigra: Rørvikvågen fuglefredingsområde	Strandeng og strandsump	A
29	Vigra: Røssvika	Strandeng og strandsump	C
30	Vigra: Røssvika: Tømeset	Kystlynghei	C
31	Vigra: Storholmen	Viltlokalitet	B
32	Vigra: Synnesfjellet	Kystlynghei	A
33	Vigra: Synnesvågen naturreservat	Strandeng og strandsump	A

<sup>1</sup> Når det gjeld inndeling av naturtypar etter DN-handboka, har fleire av lokalitetane mange naturtypar. I tabellen er det av omsyn til arealstatistikken berre teke med den typen som har antatt størst areal i høve til dei aktuelle typane. Både **tabell 1** og **tabell 2** vert derfor noko unøyaktig på dette punktet. Viltlokalitetar er berre med i **tabell 2**, då dei ikkje skal med i den nasjonale arealstatistikken.

## **Raudlisteartar**

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vere skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining og ulovleg innsamling m.m. Slike artar kallast for raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 38 raudlisteartar av plantar, mosar, sopp og lav i Giske, og dei som er kjent, er omtala i eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.

## **Forvaltning og tilrådingar**

Lokalitetsomtalane inneheld råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige lokalitetane i Giske. Det går særleg på å unngå fysiske inngrep, oppretthalde tradisjonell drift som beiting i verdifullt kulturlandskap, unngå tekniske inngrep, fjeme framande bartre og unngå forureining osv.

Omtale av trugsmål, og råd om omsyn og forvaltning, tek ikkje omsyn til kor aktuelle eventuelle trugsmål er i dag. T.d. er attgroing konsekvent ført opp som trugsmål i naturbeitemark.

I **tabell 6** er det vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper i Giske er svært dårleg.

## **Litteratur**

Ein eigen database over litteratur om naturen i Møre og Romsdal er under løpande utarbeiding, og finst på Fylkesmannen sine nettsider. Eit søk på Giske i denne basen ga fleire hundre treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t.d. til skulebruk.

## **Vedlegg**

I vedlegga er det presentert artslistar, dels for heile kommunen og dels for einskildlokaltetar.



# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betra kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ein lekk i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av biologisk mangfald generelt.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkomisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Noreg i 1993 og som trådte i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

## Føremål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i planarbeidet. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøkte områda. Eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får vone at rapporten vert eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre omgrep

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauv skog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Giske er det helst alm og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg med 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C.

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikatorart er vanleg å finne når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisere ein verdifull naturtype bør ein helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreie seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverkna. I skog kan det t.d. dreie seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad eller stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar nyttast omgrepet i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

**Naturengplantar:** plantar som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilte andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** nyttast i denne rapporten omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vere vaken og leite etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel, oftast kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar eller lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførde på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rad utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seie at arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære plantar
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike sørberg eller nordberg med sjeldan og kystbunden lavflora eller kravfulle plantar

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metoden, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, samle inn ny kunnskap (feltarbeid), systematisere materialet, prioritere lokalitetane og til sist presentere arbeidet på kart og i rapport eller liknande.

## Litteratur

Det vart leita systematisk i litteratur som kan tenkast å ha informasjon frå Giske. Dette har vorte lettare å få oversyn over frå 2000, då John Bjarne Jordal saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal utarbeidde eit utkast til litteraturliste over naturen i fylket. I databasen er det m.a. mogleg å søke på kommune, og den er tilgjengeleg på Fylkesmannen sine nettsider. Resultatet av eit søk på Giske i databasen er presentert i litteraturoversynet bak i rapporten.

## Oversyn over viktige litteraturkilder

**Tabell 3.** Utval av skriftlege kjelder som er nytta i kartlegginga av eksisterande naturinformasjon frå Giske, med kort kommentar av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar
Aksdal 1994	Registrering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap, Alnes er med her
Dahl 1895	Plantegeografiske undersøkingar på ytre Sunnmøre, somme funn frå Giske
Flaten 1980	Hovudfagsoppgåve om kvartære sediment på Vigra
Folkestad 1976b	Rapport om friluftsområde i Giske
Folkestad 1995	Artikkel om fuglelivet i Giske
Folkestad & Loen 1998	Rapport om hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal, fem område i Giske
Folkestad 1983	Hovudfagsoppgåve om myrsnipe, feltarbeid i Makkevika på Giske
Frøland 2003	Rapport om fredingsområda i Giske (Molnes unnateke)
Fylkesmannen 1997a	Verneplan for havstrand m.m., Molnes på Vigra er med her
Fægri 1960	Bok om norske kystplantar, kart med fleire funn frå Giske
Fægri & Danielsen 1996	Bok om søraustlege karplantar, kart med fleire funn frå Giske
Goksøyr 1934	Artikkel om plantelivet på ytre Sunnmøre, fleire funn frå Giske
Gaarder 1999	Rapport om det som no er Molneset naturreservat på Vigra
Gaarder & Jordal 2001	Rapport om raudlisteartar i Møre og Romsdal, mange funn frå Giske
Gaarder & Jordal 2003	Rapport om truga plantar i Møre og Romsdal, fleire funn frå Giske
Holtan 2001	Rapport om vemeverdige område, Kannset på Godøya er med
Holtan m.fl. 2003	Artikkel om mørebjørnebæret på Godøya
Holtan m.fl. 1986	Undersøkingar av havstrender i Møre og Romsdal, fleire lokalitetar i Giske

Hovde 1990a-d	Rapportar om fire av fredingsområda i kommunen
Jordal 1993	Rapport om fungaen <sup>2</sup> i fylket, fleire funn frå Giske er med
Jordal & Gaarder 1993	Rapport om fungaen i naturbeitemark m.m. i fylket, fleire funn frå Giske
Jordal & Gaarder 1996	Artikkel om funga i naturbeitemark m.m., funn av ein art på Alnes nemnt
Jordal & Gaarder 1998b	Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i fylket, fleire område i Giske
Korsmo 1975	Naturvernrådet sine undersøkingar i edellauvskog, eitt område på Godøya
Kaalaas 1911	Ei av dei tidlegaste moseundersøkingane i fylket, fleire funn frå Giske
Lutro m.fl. 1998	Berggrunnskart som syner førekomsten av bergartar m.a. i Giske
Michaelsen 1997	Hovudfagsoppgåve om sandlo og vandrefalk i Makkevika på Giske
Moen 1998	Bok om vegetasjonstypar i Noreg. Syner m.a. inndelingane i Giske
Olsen 1996	Artikkel om hekkefunna av havsvaler og stormsvaler på Erkna
Rabben 1984	Bok om Makkevika på Giske
Røsberg 1974a-d	Rapportar frå inventeringa av fleire viktige område på Vigra
Strøm 1756, 1762, 1766	Bøker om dyreliv, flora, folkeliv og anna, ein del frå Giske
Størmer 1967	Rapport om vestlege og sørlege mosar i Noreg, fleire funn frå Giske
Søvik 1945	Artikkel om vegetasjonen på flygesandfelt, m.a. på Vigra
Valde 1983	Hovudfagsoppgåve om enkeltbekka sin, feltarbeid m.a. i Rørvikvågen

## **Museumssamlingar, databasar og Internett**

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett.

## **Innsamling frå personer**

Ei rad einsildpersoner sit på interessante opplysningar om naturen i Giske. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle all denne informasjonen, og det hadde vore ønskeleg å kunne nytta noko meir tid til dette.

## **Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen**

Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert. Eit utval av lokalitetar vart registrerte meir detaljert. Floraen vart undersøkt ved at det vart laga krysslister for dei kartlagde lokalitetane. Særleg interessante funn vart tekne belegg av og sendt til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle. Vegetasjonen vart i grove trekk kartlagt etter vegetasjonstypane hjå Fremstad (1997). Sopp vart særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan nyttast til å verdisetje slikt landskap (sjå nedafør). Interessante fugleobservasjonar vart notert i samband med alt feltarbeidet.

## **Artsbestemming og dokumentasjon**

Artsbestemming av plantar vart gjort ved hjelp av Elven m.fl. (1994), og norske namn følger også denne utgåva.

Bestemming av sopp vart utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesoppar (*Entoloma*) har ein nytta Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein nytta Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssoppar (*Hygrocybe*) har ein nytta Boertmann (1995). Norske namn på sopp følger Gulden m.fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav vart gjort ved hjelp av Krog m.fl. (1994) og Moberg & Holmåsén (1986).

Vitskaplege namn følger dei publikasjonane ein har nytta i arbeidet.

Namnsetting av fugl følger Gjershaug m.fl. (1994).

<sup>2</sup> Funga er det som tidlegare gjekk under nemninga soppflora.

# Verdisetting og prioritering

## Generelt

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei innbyrdes rangering av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisette ein skilde naturmiljø eller artar høgre enn andre, og dei to viktigaste er tuleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigare å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

## Kriterium og kategoriar

Ein syner her berre til verdissettingskriteria i DN (1999a). Kategoriene her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presenterte i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør kome i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C. For å kome i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvaliteter, t.d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å kome i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

## Upprioriterte og ikkje undersøkte lokalitetar

Potensielt interessante lokalitetar som det kan finnast informasjon om, men som ikkje er undersøkte eller prioriterte i dette prosjektet, er samla i **tabell 6**. Prosjektet hadde tronge budsjettammer, og ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

## Bruk av raudlisteartar og signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til ramsa opp mange artar som er funne på staden. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisetje lokaliteten. Somme artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdisettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedafor vert det ramsa opp ein del artar som er nytta som signalartar og vektlagt i verdisettinga.

**Edellauv skog:** t.d. alm, breiflangre, lundgrønaks, myske, ramslauk, sanikel, svarterteknapp og vårmarihand

**Rik(e) fjellvegetasjon/kystberg:** t.d. fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, hårstorr, raudsildre, svartstorr og trillingsiv

**Rikmyr:** t.d. blåstorr, dvergjamne, engstorr, gulstorr, hårstorr, jåblom, loppestorr, purpurmarihand og stortviblad

**Naturbeitemark:** ei rad artar definerte som anten naturengplantar eller beitemarkssopp hjå Jordal & Gaarder (1995).

## Presentasjon

### Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk kring utforskinga av naturen i Giske er samla i eige kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i kapittel

med faktaark for lokalitetane. Raudlisteartar har også fått eige kapittel. I tillegg har ein presentert kva artar frå Giske som Noreg har eit særskilt ansvar for i ein internasjonal samanheng. Sist i rapporten er det presentert litteraturliste for Giske og ulike artslistar. Dette er artslistar for heile kommunen for plantar, sopp, lav og fugl i tillegg til ein del plante- og sopplister frå ein skildlokaltetar. Lavlistene kjem særleg frå undersøkinga av bergveggar og skog. Sopplister for lokalitetar kjem i hovudsak frå undersøkingar i kulturlandskapet, i første rad naturbeitemark.

### **Områdeskildringar**

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit kapittel med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med somme justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte alfabetisk etter namn, og ikkje etter naturtype. Namnsettinga er freista gjort slik at geografisk nærliggande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummera i dette prosjektet er frå 1532-1 opp til 1532-33.

Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også dei som kan bli aktuelle seinare. T.d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trugsmål. Elles er spreiding av framande treslag, særleg bartre, generelt eit trugsmål i mange lokalitetar over heile kommunen.

### **Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på økonomisk kart i målestokk 1:20 000 som er levert til kommunen sin sakshandsamar. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må derfor sjå på dei som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta synfaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

# NATURGRUNNLAG

## Historikk kring utforskinga av naturen i Giske

Dei tuleg første skriftlege skildringane av naturen i Giske er frå siste halvdel av 1700-talet, då presten og vitenskapsmannen Hans Strøm budde på Sunnmøre (Strøm 1756, 1762, 1766) og skreiv om natur og kultur. Han skildra m.a. fleire nye artar for vitenskapen.

Den første verkelege utforskinga av naturen i Giske kan ein vel seie starta med Ove Dahl (1895) sine plantegeografiske undersøkingar på Sunnmøre.

Kaalaas (1911) var ein av dei tidlege pionérane når det gjeld undersøkingar av mosefloraen, og har den dag i dag dei to einaste kjende funna av raudlista mosar frå kommunen.

Harald Goksøyr (1934) kom i arbeidet sitt inn på fleire interessante funn frå Giske, medan Nils Søvik (1945) undersøkte flygesandfelta på Vigra rett før siste verdskrig.

I 1967 og 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med særleg og vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med einskilte funn frå Giske.

Harald Korsmo (1975) gjorde fleire registreringar av potensielt verneverdige edellauvskogar i 1974, kor også ein lokalitet i Giske er nemnt.

I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Giske. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen.

Utetter 1980-talet auka talet på tilfar sterkt, særleg om tema som fugl og kulturlandskap. I 1986 kom rapporten om verdifulle strandområde i Møre og Romsdal (Holten m.fl. 1986), der fleire viktige lokalitetar i Giske vart skildra.

I 1997 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for havstrand og elveos i fylket, der Molnes vart føreslege som naturreservat. Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samler rapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999), som tek med resultatata frå tidlegare liknande arbeid, og ein om raudlisteartar (Gaarder & Jordal 2001).

Elles har det i løpet av 1980- og 1990-talet kome mange publikasjonar om ferskvassfisk, geologi, marinbiologi og slike som nemner Giske i forbifarta anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, plantar, sopp og anna, mellom dei fire hovudfagsoppgåver og ei bok.

Grunna det rike fuglelivet er det særleg mange arbeid om fuglar frå kommunen.

## Landskap m.m.

Giske er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er gjeve opp til 40 km<sup>2</sup>, noko som gjer Giske til ein av dei minste kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, holmar, skjer, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit nokså alpint preg.

Tabell 4. Nokre geografiske data for Giske kommune.

Eining	Verdi
Areal (eksklusiv sjøareal)	40 km <sup>2</sup>
Tal på øyar og holmar	151
Strandline	123 km
Høgste punkt	497 m o.h.
Ferskvassareal	1 km <sup>2</sup>
Myrareal	1 km <sup>2</sup>
Areal 0-60 m o.h.	31 km <sup>2</sup>
Areal 60-150 m o.h.	4 km <sup>2</sup>
Areal 160-300 m o.h.	3 km <sup>2</sup>
Areal 300-600 m o.h.	2 km <sup>2</sup>
Gjennomsnittshøgde	70 m

## Klima

Klimaet i Giske varierer i grunnen lite. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturskilnad mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge, og i delar av Giske kommune ligg temperaturen rundt 2 °C som gjennomsnitt for januar. Gjennomsnittstemperaturen for juli er rundt 12 – 13 °C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1200 mm), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft.

## Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Slikt jordsmonn får ein vegetasjon av plantar som er tilpassa litt karrige tilhøve. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst no tilgjengeleg for heile kommunen (Tveten m.fl. 1998). Utanom grunnfjellbergartane finst yngre, glimmerhaldige bergartar (t.d. glimmergneis og glimmerskifer), m.a. på Godøya og Vigra. Mange kalkkrevande plantar er derfor ganske vanlege i Giske.

## Lausmassar

Overdekkinga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. Mest lausmassar finn ein på Giske og lågareliggande strøk på Vigra. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmassedeførekostane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for vêr og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk, slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vere bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire (sjå også Flaten 1980). Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene på Giske, Godøya og Vigra. I hei- og myrømråda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i naturgeografiske regionar. Giske høyrer her til region 38c, den vestnorske lynchregionen.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i landskapsregionar som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke syner ein til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Giske høyrer til i denne samanheng til region 20, Vestlandet sine kystbygder.

Biogeografi har å gjere med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet, som varierer både med avstand frå kysten og høgd over havet. Det er også somme skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å skildre naturen på staden kan ein gje opp vegetasjonssone og vegetasjonssesjon.

Vegetasjonssoner skildrar variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytte til utbreiinga av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad seier ein del om lokalklimaet. Vegetasjonssoner er skildra av Moen (1998).

Følgande vegetasjonssoner finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)

**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)

**Nordboreal sone** (fjellskogsone)

**Alpine soner** (låg-, mellom- og høgaltin sone)

Vegetasjonen i Giske deler seg på dei fleste av desse. Praktisk tala høyrer alle bygdene og jordbruksområda til den boreonemorale sone. Høgareliggande område høyrer til mellom- og nordboreal sone, helst fjellområda på Godøya (Moen 1998 s. 94).



Omgrepet vegetasjonsseksjon nyttast for å skildre variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk nyttast om vegetasjon og artar knytte til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar, og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental nyttast tilsvarende om vegetasjon og artar knytte til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga er etter Moen (1998).

Følgande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar og plantar m.m. knytte til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sona delast i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege plantar, med purpuryng som viktigaste indikator. Andre er heifrytje, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten om lag nord til Ålesund (også i Giske).

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og vantar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sona er artsfattig som ei følgd av at det vantar ei rad fjellplantar m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytte til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekker store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rad svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t.d. rome). Dekker eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafør, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Somme svakt vestlege plantar finst, også innslag av ein del austlege plantar og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkessamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Norddal, Stranda, Rauma og Sunndal.

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar forstås ein artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Denne bygger på eit sett av underlagsmateriale og fagrapportar, m.a. Frisvoll & Blom (1997) (mosar), Tønssberg m.fl. (1996)(lav), Bendiksen m.fl. (1998)(sopp) og Myklebust (1996)(fugl). Funn av plantar, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd
E	direkte truga
V	sårbar
R	sjeldan
DC	omsynskrevande
DM	bør overvakast

For mange organismegrupper har ein ikkje oversyn over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Giske. Dette gjeld t.d. dei fleste grupper av virvellause dyr, amfibium og krypdyr. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok fleire slike funn bli gjort.

Med ansvarsartar forstås ein artar der Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på bestandane, fordi vi har ein vesentleg del av totalbestandane samanlikna med andre land. Dette kan vere litt ulikt definert for dei ulike organismegruppene.

## *Norske ansvarsartar*

DN (1999b) listar i tillegg til raudlisteartane opp ei rad norske ansvarsartar, dvs. artar Noreg har eit spesielt ansvar for fordi mykje av verdsbestandane finst her.

Av karplantar som veks i Giske kan nemnast bergasa, fjellrundbelg og rognasal. Av lav er det kystblåfilflav, kystgrønnever, sølvnever og vanleg blåfilflav, medan bergiisk, havørn, krykkje, lappspove, lunde, myrsnipe, raudstilk, skjerpierleke og svartbak er fuglar Norge har eit særleg ansvar for.

## *Truga vegetasjonstypar i Giske*

Mellom dei nasjonalt truga vegetasjonstypene i Giske (Fremstad & Moen 2001) er desse nemnt:

- Rikt hasselkratt er sterkt truga, aktuelt i Giske sørvest på Godøya (Kannset)
- Bergsprekk og bergveggvegetasjon: hinnebregne-utforming og havburkne-hjortetunge-utforming er begge omsynskrevande. Havburkneutforminga finst sørvest på Godøya, medan hinnebregne-utforminga finst nord på Godøya, ved Skjonghellaren og nord på Synnesfjellet.
- I kulturlandskapet er følgjande typar kjent i Giske: frisk fattigeng (generelt sterkt truga), dunhavreeng (sterkt truga), tjøreblomeng (sterkt til akutt truga), hestehavre-dunhavreeng (sterkt truga), blåstorr-engstorreng (sterkt truga), soleiehoveng (noko til sterkt truga). Aller typar kystlynghei først også til kategorien sterkt truga. Dette skulle understreke behovet for å ta vare på kulturlandskapet i Giske.
- Når det gjeld myr er terrengdekkande myr og anna oseanisk nedbørsmyr sterkt truga. I Giske aktuelt i høve til intakte myrar i låglandet (Giske og Vigra) og delar i høgareliggende område på Godøya.
- For havstrandvegetasjon er desse typene funne i Giske: Ålegras-undervasseng, brakkvass-undervasseng og brakkvass-forstrand (alle noko truga); havstrandeng: strandeng-forstrand, havbendel-utforming, salteng og stremdmyr er noko truga medan både dei ulike typene av sanddyner og kalkrike strandberg i høve til aktuelle område i Giske reknast for noko truga nasjonalt.

**Tabell 5.** Oversyn over funn av raudlistearter i Giske av gruppene lav (L), mosar (M), plantar (P) og sopp (S). Forkortingar for raudlistekategoriar er synt først i dette kapitlet.

Forkorting for finnarar	Raudlistekategoriar	Grupper
DH Dag Holtan GGa Geir Gaarder JBJ John Bjarne Jordal KJG Karl Johan Grimstad	Ex utdøydd E direkte truga V sårbar R sjeldan DC omsynskrevande DM bør overvakast	L lav M mosar P plantar S sopp

Gruppe	Latinsk navn	Nynorsk namn	Kategori 1999	Lokalitet&habitat	Dato	Finner	UTM
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfittlav	DC	Godøya: Kannset	09.04.2000	DH, KJG, GGa	LQ 425 298
L	<i>Degelia atlantica</i>	kystblåfittlav	DC	Vigra: Molnes	29.07.2003	GGa	LQ 514 432
M	<i>Glyphomitrrium daviesii</i>	øygardsmose	DM	Valderøya: tett ved Skjonghellaren	25.07.1907	Kaalaas, B.	LQ 50-51, 33-34
M	<i>Syntrichia papillosa</i>	ynglehårstjerne	DM	Valderøya: ved Valderhaug nær stranda	25.07.1907	Kaalaas, B.	LQ 52 33
P	<i>Asplenium marinum</i>	havburkne	R	Godøya: Lesten, innafor Lestaskjeret	09.04.2000	KJG, DH, GGa	LQ 421 301
P	<i>Carex paniculata</i>	toppstorr	DC	Vigra: Rørvikvågen (truleg så vidt innafor reservatet)	1990-talet	A. O. Folkestad	LQ 47 33
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpumaihand	V	Vigra: vest for Langhaugen, fukteng	07.07.2003	DH	LQ 5154 4325
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpumaihand	V	Vigra: Molnes	03.07.1955	Rødland, Alfred	LQ 50-51, 43
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpumaihand	V	Vigra: Molnes, skjelsand	18.07.2002	JBJ	LQ 5073 4306
P	<i>Dactylorhiza purpurella</i>	purpumaihand	V	Vigra: Molnes, fukteng	07.07.2003	DH	LQ 509-13 432
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Godøya	30.06.1974	Jan Seland	LQ 4,3 uplasserbar
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Godøya. På nordsida like ved elva fra Alnesvatnet. I steinur	23.03.1989	I. Røsberg	LQ 446 319
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Godøya: aust for Alnes	20.08.2002	DH	LQ 456 314

P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Valderøy	17.06.1969	T. Kavlie	LQ 50-51, 33-35
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Valderøya: på vestsida av øya. På strandflata sørvest for Skjonghellaren. I ei lita kløft	28.12.1984	I. Røsberg	LQ 50 35
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Vigra: På nordsida av Synnesfjellet, i ei nordvendt blokkrik dalside. Lynghei	20.06.1985	I. Røsberg	LQ 473 394
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	aust for Alnes	05.03.2003	DH	LQ 462 315
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>Albida</i>	kvitkurle	DC	Godøya: aust for Alnes	20.08.2002	DH	LQ 454 314
S	<i>Camarophyllopsis foetens</i>	stanknarrevokssopp	V	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuka	DC	Godøya sørsida	09.04.2000	GGa, DH, KJG	LQ 424 297
S	<i>Ceriporiopsis aneirina</i>	ospekjuka	DC	Kannset	15.02.2003	DH	LQ 426 298
S	<i>Clavaria amoenoides</i>	vriidd køllesopp	V	Godøya: Alnes vest	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 430 312-437 317
S	<i>Clavaria straminea</i>	halmgul køllesopp	V	Vigra: Molnes	02.10.2003	DH, JBJ & Trond Schumacher	LQ 509 431
S	<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	DC	Godøya: Alnes aust	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 437 317-447 318
S	<i>Entoloma caesiodinctum</i>		DC	Vigra: Synnesfjellet	28.09.2003	DH	
S	<i>Entoloma corvinum</i>	ramneraudskivesopp	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Entoloma exile</i>	-	DC	Godøya: Alnes vest	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Entoloma exile</i>	-	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	R	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	DC	Vigra: Biimneset	02.07.2003	DH	LQ 4653 3928
S	<i>Entoloma pratulense</i>	-	R	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Geoglossum atropurpureum</i>	vrangtunge	DC	Godøya: Alnes aust	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 440 315
S	<i>Geoglossum</i>	dynetunge	DC	Godøya: Alnes vest	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 430 312-

	<i>cookeianum</i>						437 317
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Geoglossum cookeianum</i>	dynetunge	DC	Vigra: Molnes	02.10.2003	DH, JBJ & Trond Schumacher	LQ 509 431
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Godøya: Alnes vest	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Godøya: Alnes aust	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 437 317-447 318
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	DC	Vigra: Molnes	02.10.2003	DH, JBJ, Trond Schumacher	LQ 509 429
S	<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	DC	Godøya: Alnes vest	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 430 312-437 317
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Godøya: Alnes vest	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 430 312-437 317
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Godøya: Alnes aust	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 437 317-447 318
S	<i>Geoglossum umbratile</i>	brunsvart jordtunge	DC	Godøya: Alnes aust	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 442 317
S	<i>Hygrocybe aurantiosplendens</i>	gyllen vokssopp	V	Vigra: Molnes	02.10.2003	DH	LQ 510 430
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	brun engvokssopp	V	Vigra: Blimshaugen	28.09.2003	DH	LQ 485 408
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Vigra: Langhaugen	28.09.2003	DH	LQ 518 431
S	<i>Hygrocybe fomicata</i>	musserongvokssopp	DC	Godøya: Alnes aust	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 437 317-447 318
S	<i>Hygrocybe intermedia</i>	flammevokssopp	V	Godøya: Alnes vest	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	DC	Godøya: Alnes vest	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	DC	Godøya: Alnes aust	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 437 317-447 318

S	<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	DC	Godøya: Alnes aust	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 437 317-447 318
S	<i>Hygrocybe persistens</i>	spiss vokssopp	DC	Vigra: Blimshaugen	31.08.2003	DH	LQ 485 408
S	<i>Hygrocybe persistens</i>	spiss vokssopp	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Godøya: Alnes	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 433 315
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Godøya: Alnes	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Godøya: Kannset	26.09.2002	DH	LQ 427 296
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Vigra: Langhaugen	02.10.2003	DH	
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Godøya: Alnes	24.09.1993	GGa & JBJ	LQ 430 312-437 317
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Godøya: Alnes	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 433 315
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Godøya: Alnes	10.09.2002	BJJ	LQ 433 315
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	V	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Lecanium pseudoscabrum</i>	hasselskrubb	R	Godøya: Kannset	26.09.2002	DH	LQ 431 294
S	<i>Marasmius cohaerens</i>	børsteseigsopp	V	Godøya: Kannset	26.09.2002	DH	LQ 427 296
S	<i>Microglossum fuscorubens</i>	kobbertunge	V	Vigra: Molnes	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 510 433
S	<i>Microglossum olivaceum</i>	olivenjordtunge	V	Vigra: Molnes	02.10.2003	DH, JBJ, Trond Schumacher	LQ 509 429
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Godøya: Alnes vest	19.09.1998	DH, GGa, KJG	LQ 430 312-437 317
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	V	Godøya: Alnes aust	27.09.1995	GGa & JBJ	LQ 437 317-447 318

## Lav

Funn frå fylket vårt av raudlisteartar av lav er summerte opp av Gaarder & Jordal (2001 – med seinare oppdateringar på Fylkesmannen si nettside). I Møre og Romsdal er det kjent 15 artar av busk- og bladlav som står på raudlista. I tillegg har ein lista opp 24 skorpelavartar som er kandidatar til raudlista. Det er kjent ein raudlista lav i Giske.

## Mosar

Funn frå fylket vårt av raudlisteartar av mosar er summerte opp av Gaarder & Jordal (2001– med seinare oppdateringar på Fylkesmannen si nettside). I Møre og Romsdal er det kjent 19 artar som står på raudlista. To av desse er funne i Giske.

## Plantar

Funn frå fylket vårt av raudlisteartar av plantar er summerte opp av Gaarder & Jordal (2001– med seinare oppdateringar på Fylkesmannen si nettside). I Møre og Romsdal er det kjent 26 planteartar som står på raudlista. I Giske er fem av desse funne.

## Sopp

Funn frå fylket vårt av raudlisteartar av sopp er summerte opp av Gaarder & Jordal (2001– med seinare oppdateringar på Fylkesmannen si nettside). Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m.fl. 1998). I Giske er det kjent 30 soppar som står på raudlista, av desse 12 sårbare artar (kategori V), to sjeldne (kategori R) og 16 omsynskrevande (kategori DC). Dei fleste av desse er knytte til kulturlandskapet.

## Fugl

Opplysningar om rovfuglar og ugler vert ikkje tekne med her. Raudlista artar utanom rovfugl og ugler som hekkar eller truleg har hekka i Giske er:

lomvi	V
lunde	DC
myrrikse	R
skeiand	R
smålom	DC
stjertand	R
storlom	DC
teist	DM
åkerrikse	E

I tillegg er Giske tilhaldsstad for mange raudlisteartar eller norske ansvarsartar både for hekkande, trekkande og overvintrande artar.

## Pattedyr

To raudlista pattedyr ynglar i Giske:

Oter	DM
Piggsvin	DM

# LOKALITETAR

## Oversyn

Databasen over verdifulle naturområde i Giske kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 33 lokalitetar. Mellom desse fanst fuglefredingsområda og somme lokalitetar i kulturlandskapet i Naturbasen hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram gjennom feltarbeidet i dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar i biologisk samanheng har vore heilt ukjende fram til no.

Nedafor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi. Følgande forkortingar er nytta: AR=Arne Røsvik, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, HG=Harald Goksøyr, IR=Ingvald Røsborg, JBJ=John Bjame Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad, PL=Perry Larsen.

## Erkna: (viltlokalitet)

**Lokalitetsnummer:** 1532-1  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 42 39  
**Høgd over havet:** 0-40 m  
**Hovudnaturtype:** havstrand/kyst  
**Naturtype:** viltlokalitet  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** forstyrning av fuglane i hekketida  
**Undersøkt/kjelder:** 18.07.1933, HG; (Folkestad 1982, Folkestad & Loen 1998, Olsen 1996)

### Områdeskildring

*Generelt:* Erkna ligg om lag 3,5 km nordvest for Synneset på Vigra.

*Vegetasjon:* Store strandflater med berghamrar opp mot 40 m o.h. Mestdelen av øya er graskledd.

*Kulturpåverknad:* Det er fyrstasjon på øya, med tilhøyrande bygningar, kai og diverse anlegg.

*Artsfunn:* Mest interessant er funna av havsvale og stormsvale, som begge vart påvist hekkande i 1996, med høvesvis 14 og 2 par (Olsen 1996). Erkna var også den første staden i Møre og Romsdal kor ein klarte å påvise havsvale i hekketida (Folkestad 1982). Erkna er elles ein av dei viktigaste sjøfuglkoloniane i Møre og Romsdal, som i 1994-95 hyste 322 par av havhest, meir enn 123 par toppskarv, fleire par ærfugl, spreidde par fiskemåse, 15-20 par sildemåse og 200-300 par av kvar av gråmåse og svartbak. I tillegg hekkar makrellterne og raudnebbterne når det er god tilgang på næring, og fleire par av overvakingsarten (DM) teist. Av andre hekkfuglar kan nemnast gravand, stokkand, 8-10 par tjeld, minst 7 par steinvendar, raudstilk, skjerpiplerke, linerte, stare, ramn, gjerdsmett og bergirisk.

Erkna er dessuten ein viktig rasteplass i trekkidene for eit stort utval av fugl, m.a. fleire artar av gjæser og vadarar. Vidare samlast fleire hundre ærfugl i myteperioden, og store mengder skarv og måsar nyttar øya til overnatningsstad i vinterhalvåret (Folkestad & Loen 1998).

Botanisk er det verd å nemne fleire kravfulle artar, m.a. villapal, vivendel og østersurt.

*Verdisetting:* Området verdisettast til A (svært viktig) på grunn av dei gode bestandane av sjøfugl, kor ikkje minst store sjøfuglkoloniar og hekkfunna av dei sjeldne artane havsvale og stormsvale må vektleggast. Ver merksam på at viltlokalitet ikkje er naturtype i DN-handboka.

### Skjøtsel og omsyn

Det vil vere ein føremon for plantelivet om ein framleis kan ha sauer gåande på beite. Ein bør ikkje forstyrre fuglane i hekketida.



## Giske: aust for Buholmen (sanddyne)

**Lokalitetsnummer:** 1532-2  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 483 346  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sanddyne, sandstrand, kalkrike strandberg  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmaal:** tekniske inngep, gjødsling av strandberg, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 02.07 og 17.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på nordsida av Giske, og er avgrensa frå Storevika (LQ 479 154) austover mot Staumeset (LQ 487 349).

*Vegetasjon:* Her er både sanddyner, sandstrand og kalkrike strandberg med eit etter måten rikt planteliv. Dynene er ofte dominert av strandrug, men Tore Frøland (pers. medd.) skal ha funne marehalm her i 2002. Her er også mindre parti med flygesand som har eit varierende plantedekke og små parti med salteng.

*Kulturpåverknad:* Delar av lokaliteten er beita av storfe, og er dels inngjerdta mot stranda. I driftsvollen mot beitemarkene er det tydeleg gjødselspåverka vegetasjon.

*Artsfunn:* Mest interessant er førekomsten av kalkrike, noko beita strandberg. Her vart det funne krevande artar og naturengplantar som auikkelsvæve, blåstorr, dvergjamne, fjelltistel, gjeldkarve, gulmaure, hårstorr, jåblom, katterfot, knegras, loppestorr, prestekrage, stortviblad og vill-lin m.fl.

Lokaliteten er også viktig for hekkande og trekkande ande-, vade- og måsefuglar. I 2003 hekka m.a. storspove, tjeld og vipe.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av det er eit etter måten stort, artsrikt og intakt område med mange biologiske kvalitetar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida, i driftsvollen og nedafor helst av ungdyr. Ein bør ikkje gjødsle i ei buffersone mot sjøen. Ein bør ikkje fjerne sand eller stein.

## Giske: Giske fuglefredingsområde (strandeng og strandsump)

**Lokalitetsnummer:** 1532-3  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 46-47 33-34  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** strandeng, strandsump, kalkrike strandberg, tangvoll, undervasseng, viktig viltområde  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmaal:** ingen kjende, verna som fuglefredingsområde i 1988  
**Undersøkt/kjelder:** 01.07 og 06.07.2003, DH, (Folkestad 1978a, 1978b, 1995, Follestad 1983, Frøland 2003, Fylkesmannen 1982, Holten m.fl. 1986, Michaelsen 1997b, Rabben 1984 – i tillegg finst svært mykje litteratur om fugleobservasjonane og ringmerkinga av fuglar, særleg i tidsskrifta Rallus og Ringmerkaren)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området strekker seg frå sørvestsida av Giske, via Makkevika og Kvalneset i nordvest, austover om lag til den gamle moloen vest i Storevika.

*Vegetasjon:* Særleg vestsida er variert, og skal vere ein av dei havstrandlokalitetane i Møre og Romsdal som har størst utval av vegetasjonstypar (Holten m.fl. 1986). På nordsida er det i tillegg til sanddyner med strandrug middels rike strandberg med eit interessant utval av artar, på Kvalneset mykje urdakatt (stankstorkenebb) på den gamle klippfiskvollen, stor tarevoll i Makkevika med meldevoll og strandbalderbråvoll på baksida, svært variert vegetasjon i Sumpen, m.a. med

hestehavreeng i tørrare parti og pølar og sig der det er fuktig. I gruntvassområda inntil vika er det undervasseng med m.a. gode bestandar av ålegras.

*Kulturpåverknad:* Steinvollen på Kvalneset er eit gammalt kulturminne etter tørkinga av klippfisk, og vert i dag restaurert etter behov. I samband med beitinga er det sett opp strømgjerder. Vegetasjonen nært inntil fredingsområdet er ofte sterkt gjødselspåverka. Planting av framande treslag i sør. Den gamle ringmerkingshytta er no erstatta av ein permanent bygning nord i Makkevika.

*Artsfunn:* Interessante og krevande plantar på strandberga nord i fredingsområdet, er m.a. bogestorr, gjeldkarve, gulmaure, knortestorr og vill-lin. Knortestorr har nordgrensa si i Møre og Romsdal. Elles eit stort utval av vanlege karplantar frå Makkevika sørover mot Holmen og Sumpen.

Makkevika er ein av dei viktigaste rasteplassane for vadefugl som er registrert på norskekysten, med om lag registrerte 40 artar, og er vel den einaste som har fått eiga bok (Rabben 1984). Særleg taliike kan heilo, myrsnipe og brushane vere, med fleire tusen av kvar i trekktoppane i gode einskildår. Også andre artar kan opptre i store tal, og hundrevis av sandlo, dvergsnipe, tundrasnipe er ikkje uvanleg i ein god sesong, like eins "veitejével" (enkeltbekka sin). Somme tider kan også kvartbekka sin noterast i hundretal. Makkevika er også ein svært viktig overvintingslokalitet for ulike måsar og ender (Folkestad 1995). Til vanleg er helleringen lokalitet i Møre og Romsdal så viktig som hekkestad for gravanda enn nett Makkevika, ofte i store flokkar med mange kull (Folkestad 1995). Også stokkand og ærfugl er funne hekkande. Hekke vadefuglar er enkeltbekka sin, raudstilk, kan hende sandlo, storspove, tjeld og vipe. Elles er mange sjeldne fuglar observerte her opp gjennom åra, såkalla raritetar.

*Verdisetting:* Området verdsettast til A (svært viktig) på grunn av at det er stort, variert og intakt, og m.a. er ein av dei viktigaste rasteplassane for vadefugl som er registrert på norske kysten.

### Skjøtsel og omsyn

Fredingsområdet bør beitast også i framtida, helst av ungdyr. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekke- eller trekktida. Framande treslag bør fjemast. Frøland (2003) peikar på at det grunna svakt beitetrykk og noko attgroing kan vere ein føremon for hekkefuglane at beitetrykket frå Makkevika sørover mot Holmen aukast, at beitedyra kjem til i driftsvollane generelt og på strandberga mot sanddynene på nordsida.

### Anna

Ringmerking og systematisk registrering av fuglar, særleg i trekkidene og om vintaren, har no gått føre seg i meir enn 30 år i Makkevika. Det er liten tvil om at kommunen i samarbeid med den lokale ornitologiske foreininga bør kunne marknadsføre og utnytte vika i reiselivssamheng i høve til fugleinteresserte i inn- og utland. Idéen om ambulerande skulpturutstilling på Kvalneset var god, og bør godt kunne følgast opp i framtida, då dette ikkje er i strid med verneføremålet og kan trekke fleire besøkande til eit unikt natur- og kulturlandskap.

## Giske: Giske utmark (intakt låglandsmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-4
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 482 340
<b>Høgd over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	drenering og andre inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er den einaste utmarka som er att på Giske. Området grensar til veg i sør, dyrkamark i aust, vest og nord og er no ei øy av opprinneleg natur inneklemt om lag midt på Giske.

*Vegetasjon:* Typisk nedbørsmyr med tue- og fastmattevegetasjon. Lyngvegetasjon er vanleg.

*Kulturpåverknad:* Spor etter myrstikking finst, elles er det inngrep på alle kantar.

*Artsfunn:* Området er artsfattig, med typiske myr- og kystplantar som bjønnskjøgg, duskull, flekkmarhand, heisiv, klokkelyg, kvitlyng, myrhatt og skrubbær. I ei tjønn midt på myra står det ein god førekomst med sverdlilje. Området er også hekkeplass for fiskemåse, med om lag 30 par i 2003, og opphalds- og hekkeplass for stokkand.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er eit nokså intakt myrområde mindre enn 50 daa i boreonemoral sone med einstilte biologiske kvalitetar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje tillate fleire tekniske inngrep. Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida.

## Giske: Sandvika (sanddyne)

**Lokalitetsnummer:** 1532-5  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sanddyne, sandstrand  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** utkast frå landbruket, alle typar inngrep, forsøpling frå badegjestar  
**Undersøkt/kjelder:** 08.07.1984, Arne Friisvoll; 01.07.2003, DH; 28.07.2003, Norsk botanisk foreining, hovudekskursjonen; (Holten m.fl. 1986)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på austsida av Giske, og utgjerast av sandstrendene og sanddynene nord og sør for brua.

*Vegetasjon:* På nordsida av brua dominerast stranda nedst av ein stor meldevoll. På sørsida er det godt utvikla dynesamfunn med etter måten (regionalt) store felt marehalm, sandstorr og strandrug.

*Kulturpåverknad:* Området vart delt i to av veg etter at Giskebrua vart realisert. Elles er arealet inntil sanddynene fulldyrka og pregast av gjødselspåverka vegetasjon. Fyllinga nord for brua pregast av ugrasplantar på skrotemark, og nyttast no til parkeringsplass av besøkande.

*Artsfunn:* Mest interessant er dei gode førekomstane av marehalm, som veks rikleg i dynene på sørsida av brua. Dette er den rikaste gjenverande førekomsten i Møre og Romsdal, etter at det har kome inn rapportar om at arten kan vere forsvunnen frå lokalitetane i Fræna, Ulstein og Høy, og arten reknast no som sterkt og kritisk truga i fylket (Gaarder & Jordal 2003).

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av her er velutvikla og stort sett intakte sanddyner, kor også dei gode førekomstane av marehalm, sandstorr og strandkveke må vektleggast. Desse tre har si kjende nordgrense i Møre og Romsdal. Førekomsten av marehalm veg særleg tungt.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør fjerne gras som er dumpa i øvre delen av stranda sør for brua. Det vil også vere ein føremon om ein kan få sett ut avfallskasser i samband med den store utfarten av badegjestar om sommaren. Kommunen bør i samarbeid med grunneigaren utarbeide ein skjøtelsplan for å ta vare på marehalmen. Ein bør ikkje fjerne sand eller stein.

## Godøya: aust for Alnes (andre viktige førekomstar)

**Lokalitetsnummer:** 1532-6  
**Kartblad:** 1119 I Ålesund  
**UTM (WGS 84):** LQ 455 314  
**Høgd over havet:** 0-200 m  
**Hov udnaturtype:** rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** andre viktige førekomstar  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 09.07.1974 og 23.03.1989, IR; 20.08.2002 og 05.03.2003, DH; 29.07.2003, Norsk botanisk foreining, hovudekskursjonen

### Områdeskildring

*Generelt:* Nordvendt område aust for Alnes med bratte hamrar, berg og rasmark.

*Vegetasjon:* Open, beita lynghei og engvegetasjon, med oppslag av skog somme stader i hamrane.

*Kulturpåverknad:* Kraftline, veg og tunnel i nedste delen i aust, elles ein del beiting frå sauer.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av raudlisteartane hinnebregne (V) og kvitkurle (DC), begge berre sparsamt. Elles ein del basekrevande fjellplantar: bergfrue, dvergjamne, fjellsmelle, fjelltistel, gulsiltdre, hårstorr, jåblom, loppestorr, raudsiltdre, svartstorr, svarttopp og trillingsiv. Særleg svartstorr og

trillingsiv er svært uvanlege på ytterkysten i Møre og Romsdal sør for Romsdalshalvøya. Funna har såleis ei viss plantegeografisk interesse.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av funn av raudlisteartane hinnebregne og kvitkurle og innslag av regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Beiting kan vere positivt for det biologiske mangfaldet. Kvitkurle og svartstorr bør ikkje plukka st.

## Godøya: Alnes (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-7
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 430-448 316-318
<b>Høgd over havet:</b>	5-200 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07.2003, DH; (Aksdal 1994); (Jordal & Gaarder 1993, 1996, 1997, 1998a, 1999)

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit stort, brattlendt og græsdominert beiteområde beita av sau, som er lokalisert i fjellsidene og på flatene aust og vest for Alnes på Godøya.

*Vegetasjon:* Det vart lagt ut ei 10x10 meters analyserute rundt 30 m o.h. ovafor eit sommarfjøs i vestre del av området. Vegetasjonen verka litt gjødsla. I ruta vart det funne 20 planteartar, av desse fem naturengplantar og ein seterplante. Dominerande plantar var engkvein, raudsvingel, engrapp og geitsvingel. 10 % dekning av engrapp og få naturengplantar stemmer med opplysningar om at staden vert gjødsla. Gjødsla er likevel såpass svak at feltsjiktdekkinga er berre 50 % og mosedekninga 80 %. Det var lite strø, noko som tyder på godt beitetrykk.

*Kulturpåverknad:* Nokre bygningar og ulike typar gjerder.

*Artsfunn:* I Alnesområdet er det totalt funne fire sårbare og 11 omsynskrevande artar av beitemarkssopp. Dei sårbare artane er flammevokssopp, grå narremusserong, raud honningvokssopp og vidd kølesopp. Det bør også nemnast i 1995 vart ein svært sjeldan skivesopp funne, *Squamaria paradoxa*, i austre del av Alnesområdet. Funnet er publisert; arten er tidlegare kjent frå berre eitt anna område i Noreg og om lag 15 funn elles i Europa (Jordal & Gaarder 1996). Arten er truleg parasitt på okergul grynhatt, som er ein vanleg sopp i grasmarker.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt beiteområde med svært mange raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Bruken av beita på Alnes bør halde fram som før. Største trugsmålet er at folk sluttar med sau. Dette er eit av dei områda der ein bør kunne gje tilskott til kostnader i samband med beitebruken, som vedlikehald av gjerder og ferister osb. Framande treslag i fjellsida bør fjemast.

## Godøya: Alnesrauden (viltlokalitet)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-8
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 411 353
<b>Høgd over havet:</b>	0-15 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	viltlokalitet
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ulovleg skarvejakt
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	(Folkestad & Loen 1998)

### Områdeskildring

*Generelt:* Holmen ligg i havet om lag 5 km vest for Kvalneset på Giske.

*Vegetasjon:* Skjera er små, snaue og svært eksponerte. Litt vegetasjon finnast likevel i sprekker og søkk langs toppen på det største, som måler om lag 70 x 250 m.

*Kulturpåverknad:* Eit sjømerke.

*Artsfunn:* Det kan hekke nokre par teist, fiskemåse eller svartbak, men lokaliteten har størst verdi som overnattingsstad for storskarv og toppskarv. I delar av året kan talet vere fleire tusen. I tillegg er lokaliteten viktig for mytande ærfugl, med inntil 3000 fuglar.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er ein av dei viktigaste overnattingsstadene ein kjenner for sjøfugl i Møre og Romsdal. Ver merksam på at viltlokalitet ikkje er naturtype i DN-handboka.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## Godøya: Kannset (sørvendt berg og rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-9
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 425 296
<b>Høgd over havet:</b>	0-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	rasmark, berg og kântkratt
<b>Naturtypar:</b>	sørvendt berg og rasmark, rik edellauvskog.
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.04.2000, DH, GGa, KJG; 00.07.2000, Kåre A. Lye; 28.07.2001, DH, Tore Berg, Lars Inge Nakken; 26.09.2002, 14.02 og 17.07.2003, DH; (Holtan 2001, Holtan m.fl. 2003, Korsmo 1975, Øvrelid 1964)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sør til vestvendt område mellom Dyb og Lesten på sørsida av Godøya. Heile den avgrensa delen er bratt og utilgjengeleg. Området vart først registrert av Korsmo (1975) i samband med den nasjonale kartlegginga av verneverdig edellauvskog.

*Vegetasjon:* Open lynghei (fattig), berg- og til dels rik engvegetasjon. Store felt med blokkmark. Hist og her under bergrota er det oppslag av rik edellauvskog med hassel og meir spreidd noko alm. I marksjiktet er det også innslag av rik lågurtvegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Ingen synleg påverknad, bortsett frå ei merka rås langs sjøen, men her har tidlegare vore beita av m.a. geiter (Øvrelid 1964).

*Artsfunn:* Uvanlege karplantar på ytterkysten (Lid & Lid 1994) er filtkongsløys og prikkperikum, som begge veks i rasmark. Elles nokså mykje blankburkne, som her står rikeleg også i marksjiktet (noko som t.d. ikkje Fægri m.fl., 1960, fann i Nøreg) i dei rikaste delane av hasselkratta, breiflangre, brudespore, fingerstorr, gulsildre, jordnøtt, jåblom, knollerteknapp, knortestorr på strandberga, kristom, kusymre, lundgrønaks, nattfiol, rundskolm, småsmelle, svarterteknapp og vårmarihand. Førekomstane av mørebjønnbær (*Rubus echinatus*), dei einaste kjende i Norden, synte seg å vere utplanta (Holtan m.fl. 2003).

Mest interessant mellom lavartane var funn av raudlistearten kystblåfiltlav (DC), som her er nær si verdsnordgrense. Elles er det rikeleg av dei vanlegare artane i lungeneversamfunnet, slike som blyhinnelav, grynfiltlav, lungenever, kystvrenge og vanleg blåfiltlav, medan dronningmose og kveilmose er to middels gode signalartar mellom mosane.

Av interesse er også funn av raudlisteartane børsteseigsopp (V), hasselskrubb (R), ospekjuke (DC) og raudskivevokssopp (DC). Børste seigsoppen fekk her ny norsk nordgrense.

Oterhi vart funne i 2003.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er ein sjeldan naturtype på ytterkysten med fleire raudlisteartar, kor særleg oppslag av edellauvskog bør vektleggast, då raudlisteartane er knytte til den.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle. Det beste for dei biologiske verdiane er om lokaliteten i framtida får ligge uforstyrra.

## Godøya: Lestabukta (andre viktige førekomstar)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-10
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 426 306
<b>Høgd over havet:</b>	0-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	andre viktige førekomstar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07 og 22.08.2002, DH; 29.07.2003, Norsk botanisk foreining, hovudekskursjonen

### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt, ope område med rasmark, berg, hamrar og engsamfunn mellom Alnes og Lesten. Heile den avgrensa delen er bratt og utilgjengeleg.

*Vegetasjon:* Open og noko beita hei-, berg- og engvegetasjon, med oppslag av lauvskog somme stader i hamrane.

*Kulturpåverknad:* Noko beiting frå sauer, elles ingen synleg påverknad.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av raudlistearten havburkne (R), som her er nær si verdsnordgrense. Den veks sparsamt under overhengande berg rett aust for Lestaskjeret. Elles eit artsrikt og variert plantesamfunn med ein del basekrevande artar: bergfrue, blåstorr, brudespore, dvergjamne, engstorr, fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, hårstorr, jåblom, loppestorr, raudsildre, svartstorr, svarttopp, vill-lin og våmarihand. Svartstorr er svært sparsam på ytterkysten av Møre og Romsdal, og har her ein utpostlokalitet med ei viss plantegeografisk interesse.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er eit etter måten stort berg- og rasmarkområde med rikt og variert planteliv. Raudlistearten havburkne trekker verdien opp.

### Skjøtsel og omsyn

Havburkna må ikkje plukkast. Området bør beitast også i framtida. Grunna tendensar til attgroing er det ønskeleg å auke beitetrykket. Ein bør overvake evt. spreing frå framande treslag.

## Godøya: Lesten (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-11
<b>Kartblad:</b>	1119 I Ålesund
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 43 30
<b>Høgd over havet:</b>	200-357 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, noko terrengdekkande myr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.07.2003, DH; 10.07.2003, Corinne Larsen, DH, PL

### Områdeskildring

*Generelt:* Området utgerast i hovudsak av nedbørsfeltet til Alnesvatnet vest på Godøya.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen kan grovt rekna halvt om halvt delast mellom lynghei- og myrvegetasjon. Det er kystlynghei med nokså lågvaksen røsslyng dei mest vêrutsette stadene, og i hovudsak fattig terrengdekkande myr med einskilde intermediære til mellomrike søkk.

*Kulturpåverknad:* Ei hytte og nokre mindre plantefelt står i området.

*Artsfunn:* Typiske artar i lyngheia, utanom røsslyng, er bjønnekam, bjønnskjegg, heisiv og heistorr. I rikare myrsig finn ein også bjønnbrodd, dvergjamne, kornstorr, loppestorr, myrsaulauk og svarttopp.

Interessant er også at den sjeldne storjoen ved besøka i juli 2003 for første gang vart funnen hekkande i Giske (i heia ved Rantevatna).

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt område med kystlynghei og terrengdekkande myr.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida. Framande bartre bør fjernast.

## Anna

Det må nemnast at den omsynskrevande (DC) smålomen har hekka i det tilgrensande Alnesvatnet i fleire tiår, sjølv om ein ikkje finn han her kvart år, men han var heri 2003. Den bør ikkje forstyrast i hekketida. Alnesvatnet er derfor eit viktig viltområde.

## Godøya: Sandvika (sanddyne)

**Lokalitetsnummer:** 1532-12  
**Kartblad:** 1119 I Ålesund  
**UTM (EUREF 89):** LQ 437 320  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sanddyne, sandstrand, strandeng, kalkrike strandberg  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** attgroing, inngrep og forsøpling  
**Undersøkt/kjelder:** 02.06 og 06.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Vestvendt havstrand mot havet vest for Alnes.

*Vegetasjon:* Noko hestehavreeng på tørrare stader i bakkant av stranda mot driftsvollen. Mindre parti med saltsiveng, meldetangvoll, fordyne, primærdyne og dyneeng finnast også spreidd.

*Kulturpåverknad:* Det har vore gravd ut litt sand ein stad sør i lokaliteten. Elles er her mindre bålplassar. Det har også vore fulldyrka inntil sanddynene.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av strandkål, som nok har vokse her nokre år, men som ikkje vart artsbestemt før i 2003. Den er tidlegare ikkje funnen i Møre og Romsdal. Elles mindre førekomstar av bogestorr og strandkveke, dessutan gulsildre og jåblom i fuksig på litt rikare berg heilt sør i lokaliteten.

*Verdisetting:* Området verdisetast under tvil til C (lokalt viktig) på grunn av middels godt utvikla dynesamfunn m.m., som er noko forstyrta av inngrep. Her er ikkje spesielt artsrikt. Funna av strandkveke og strandkål gjer at ein kanskje kan vurdere å sette lokaliteten i kategori B, viktig. Strandkål er etter måten sjeldan i Noreg.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg å få til beiting i overgangen mellom driftsvollen og strandsona, helst av ungdyr. Ein bør ikkje gjødsle i driftsvollen eller nedafor. Ein bør ikkje fjerne sand eller stein eller forsøple.

## Valderøya: Skjonghellaren (sørvendt berg og rasmark)

**Lokalitetsnummer:** 1532-13  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 50 34-35  
**Høgd over havet:** 5-200 m  
**Hov udnaturtype:** rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** sørvendt berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** masseuttak, spreining av framande bartre  
**Undersøkt/kjelder:** 25.07.1907, B. Kaalaas; 28.12.1984, IR; 15.03 og 06.07.2003, DH; 30.07.2003, Norsk botanisk foreining, hovudekursjonen

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er det store, vestvendte området mellom Ytterland og Røysa på Valderøya.

*Vegetasjon:* Det meste av det avgrensa området kan førast til sørvendt berg og rasmark, sjølv om eksponeringa er meir vestleg, med kantsamfunn av ulike slag og kystlynghei på flatane nedst.

*Kulturpåverknad:* Ein del framande bartre, masseuttak i sør. Skjonghellaren er eit viktig og fredlyst fornminne.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av overvakingsarten (DM) øygardsmose, som Kaalaas fann allereie i 1907. I tillegg fann Røsberg den sårbare (V) hinnebregna her i 1984. Elles eit utval av kravfulle plantar ein til vanleg assosierar med edellauvskog og rike bergveggar, t.d. ask, bergasal (norsk ansvarsart), blankburkne, hassel, knollerteknapp, krossved, kusymre, lundgrønaks, murburkne, svarterteknapp og vivendel. Røsberg har også funne junkerbregne her, med stadfestinga er noko flytande ("nord for Ytterland"), og planten vart ikkje funne att i 2003.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er eit etter måten stort og intakt område med ein del kravfulle og interessante artar i tillegg til raudlistearane.

#### Skjøtsel og omsyn

Framande bartre bør fjernast. Ein bør unngå fleire tekniske inngrep.

### Valderøya: Sætedalen (viltlokalitet)

**Lokalitetsnummer:** 1532-14  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 51 35  
**Høgd over havet:** 60-200 m  
**Hov udnaturtype:** kulturlandskap (kystlynghei)  
**Naturtype:** viltlokalitet  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** uttak av stein  
**Undersøkt/kjelder:** (Folkestad & Loen 1998)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit lyng- og graskledd søkk nord på Valderøya, rundt det kunstige vassmagasinet.

*Vegetasjon:* Kystlynghei rik på gras og urtar.

*Kulturpåverknad:* Vassmagasin.

*Artsfunn:* I 1994-95 hekka her meir enn 300 par med gråmåse og 20-30 par svartbak.

*Verdisetting:* Området verdisetast til C (lokalt viktig) på grunn av sjøfuglkoloniane.

#### Skjøtsel og omsyn

Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida. Ein bør unngå fleire tekniske inngrep.

### Vigra: Blimshaugen (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1532-15  
**Kartblad:** 1220 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 485 408  
**Høgd over havet:** 0-20 m  
**Hov udnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark, fukteng, kalkrike strandberg  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 30.06.2003, DH; 15.07.2003, DH, Mary Stensvold; 30.08 og 28.09.2003, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg rett aust for den populære badestranda Blimssanden vest for Rørvikvågen på Vigra.

*Vegetasjon:* Naturbeitemark med mange krevande artar karakteriserar vestenden mot Blimssanden.

Delar av området er kulturpåverka og må reknast som kultureng. Somme av berga kan førast til kalkrike strandberg, medan det flate partiet i aust, som grensar til veggen ned mot båthusa, er rik fukteng og vekselfuktig baserik eng.

*Kulturpåverknad:* Delar av området er gjødselspåverka, og har noko inngjerding i samband med beitinga. Øvst er det eit gammalt kulturminne.

*Artsfunn:* I alt vart det funne 36 natureng- og sæterplantar. Dette er eit svært høgt tal, og i Møre og Romsdal er det berre i Molnes naturreservat det er funne fleire. Av desse må nemnast bittersøte, blåstorr, brudesporre, dvergjamne, engstorr, gjeldkarve, gulmaure, hårstorr, hårsvæve, jordnøtt, jåblom, loppestorr, prestekrage, rundskolm, stortviblad, svarttopp, vill-hauk og vill-lin. Bittersøte reknast som ein sårbar art i fylket (Gaarder & Jordal 2003), og står taliakt vest i lokaliteten. I fuktenga nordaust i lokaliteten står det eit hundrøtal engmarihand. Plantane ser ikkje heilt typiske ut, og kan godt vere ei kryssing mot andre artar i det vanskelege *Dactylocteniza*-komplekset, men også innafor engmarihand er det store variasjonar, slik at dei førebels førast hit.

Undersøkingane av beitemarkssoppar vart ikkje prioritert i 2003, men ved eit par stikkprøvar i august og september vart raudlistearane brun engvokssopp (V), lillagrå raudskivesopp (DC) og spissvokssopp (DC) funne. Ein annan interessant art var raudskivesoppen *Entoloma queletii*, som vart funnen som ny for Noreg i 2002 på Nordmøre. Arten er enda ikkje funnen utanfor Møre og Romsdal,



og er truleg ein sterk raudlistekandidat neste gang raudlista skal reviderast. I tillegg vart det funne ein del vanlege vokssoppar, samstundes som mange raudskivesoppar ikkje vart artsbestemde. Ut frå dette, og ut frå strukturen på delar av beitemarka, er det god grunn til å vente funn av mange andre sjeldne og raudlista artar ved nærare undersøkingar.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt og artsrikt område med fleire sjeldne artar og raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida, i fuktenga helst med ungdyr, helst i noko større omfang i dag då delar av lokaliteten syner teikn til attinging. Ein bør heller ikkje gjødsle eller jordarbeide teigen.

## Vigra: Blimssanden (sanddyne)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-16
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 484 406
<b>Høgd over havet:</b>	0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand
<b>Naturtype:</b>	sanddyne, sandstrand, kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	tekniske inngrep, forsøpling
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08. og 10.07.1933, HG; 04.08.1937, Nils Søvik; 15.07.1966, AR; 22.07.1971, Monna & Rolf Nordhagen; 11.07.1974, IR; 13.08.1981, H. Edvarsen & Reidar Elven; 17.07.1982, Leif Malme; 05.07.1984, Arne Frisvoll; 30.06.2003, DH; 15.07.2003, DH, Mary Stensvold; (Røsberg 1974a)

### Områdeskildring

*Generelt:* Blimssanden ligg mellom fyrlykta på Blindheim og Tørneset, og er eit etter måten stort strandområde dominert av sanddyner og sandstrand.

*Vegetasjon:* Nokre kalkrike berg i austenden som grensar til førre lokalitet, elles for det meste eit smalt belte med fordyner og primærdyner med m.a. sandstorr og strandkveke.

*Kulturpåverknad:* Viktige delar av dynesamfunna i vestre halvdelen av området er fulldyrka og seinare steinsett. Dette har heilt klart hatt negative verknader for plantelivet.

*Artsfunn:* I austenden, som framleis er nokolunde intakt, finn ein framleis spreidd krevande artar som blåstorr, brudespore, gjeldkarve, gulmaure, kjeldegras, sandstorr og svært sparsamt også strandkveke. Frå tildlegare besøkande er det herbariebelegg av bittersøte, lodnefaks, saftstjerneblom, sandslirekne og vass-slirekne. Av desse reknast lodnefaks som kritisk truga og bittersøte som sårbar i Møre og Romsdal (Gaarder & Jordal 2003). Ingen av dei vart funne att i 2003.

*Verdisetting:* Området verdisetast til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei havstrand som er utsett for harde tekniske inngrep men framleis har somme biologiske restverdiar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje gjere fleire inngrep. Det vil vere ein føremon for plantelivet om ein får til beite med ungdyr i driftsvollen. Det bør ikkje gjødslast i driftsvollen og nedafor. Området er mykje nytta som badestrand, og bilane køyrer i regelen langt bortetter stranda. Ein bør få ein plan for handsaming av avfall i samband med denne trafikken.

## Vigra: Blindheim (intakt låglandsmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1532-17  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 490 394  
**Høgd over havet:** 10 m  
**Hov udnaturtype:** myr  
**Naturtype:** intakt låglandsmyr  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** myrgrøfting  
**Undersøkt/kjelder:** 07.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit nokså stort og flatt myrområde nordvest for Blindheimsvikane, og er truleg ein av dei mest intakte låglandsmyrane som er att i Giske.

*Vegetasjon:* Her er i hovudsak nedbørsmyr (ombrotrof myr) med fattig vegetasjon. Ein del av myra kan førast til høgmyr, alternativt planmyr, med ein del eroderte parti. Mestdelen er fastmattemyr, men parti med mjukare matter og lausbotn finst. Fleire dammar vart funne på myra.

*Kulturpåverknad:* Somme spor etter torvstikking, elles er dette den mest intakte av dei attverande låglandsmyrane i Giske. Spreiing av framande bartre vart registrert på tørre flekkar.

*Artsfunn:* Rome og klokkeling er vanleg i fastmattene, medan kvitmyrak så vidt vart funne i mjukare matter. Elles står her ein etter måten stor bestand takrør.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt låglandsmyr i boreonemoral sone som er større enn 50 daa.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje jordarbeide eller drenere myra. Framande treslag bør fjernast.

## Vigra: Blindheimsvika fuglefredingsområde (strandeng og strandsump)

**Lokalitetsnummer:** 1532-18  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 50 38  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** strandeng, strandsump  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende, verna som fuglefredingsområde i 1988  
**Undersøkt/kjelder:** 02.07.2003, DH; (Frøland 2003, Fylkesmannen 1982, Hovde 1990d, Røsberg 1974a)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området utgjerast av strandlina i Blindheimsvikane vidare halvvegs sør til Gjøsund.

*Vegetasjon:* Her er nokså breie driftsvollar med hestehavreeng, mykje strandrøyr og meir spreidd førekomstar av engsyre, hundekjeks, høymole og kveke. Om lag midt i lokaliteten er det etter måten store saltenger med saltsiv og rustsivaks, dessutan brakkva ssleir med fjørestorr.

*Kulturpåverknad:* Store leplantingar står inntil mykje av lokaliteten, særleg i aust. Ein del steinfyllingar, særleg i vest og somme gjerder mot hestebeitet i nord.

*Artsfunn:* I stranddammar vert det funne m.a. andemat, elvesnelle, heterumpe, krypkvein og mjuksivaks. Ved bekkelaga vart det funne m.a. havstorr, medan grusstorr ve ks sparsamt på grusststrand. Bak engene med rustsivaks finnast sparsamt også smårørkvein, som er sjeldan på Vestlandet. Tidlegare er her også funne ishavsstorr, som generelt er sjeldan i Sør-Noreg sør for Trøndelag. Denne vart ikkje funne att i 2003. Av hekkefuglar kan nemnast gravand, raudstilk, kan hende sandlo, sivsongar, storspove og tjeld. Raritetar som grashoppesongar kan dukke opp frå til til anna, slik som i 2003. Her er også beiteområde og kan hende hekkeplass for grågås.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at det er eit intakt kompleks av strandeng og strandsump som er etter måten stort og variert og har viktig funksjon for m.a. vadefuglar. Dersom ein tek opp att skjøtselen (sjå under) kan verdien auke.

### Skjøtsel og omsyn

Frøland (2003) peikar på at ein av omsyn til fuglelivet bør redusere storleiken på driftsvollen, fjerne leplantingane og auke omfanget på beitinga i heile lokaliteten. Også i DN-handboka peikast det på at kulturpåverknad i denne naturtypen i form av beiting og slått er viktig for fuglelivet, særleg for vadefuglar. Her bør primært beitast av ungdyr. Framande bartre bør fjernast.

## Vigra: Hageneset (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-19
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 493 413
<b>Høgd over havet:</b>	0-15 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	havstrand/kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, sandstrand, kalkrike strandberg, tangvoll
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.07.1984, Arne Frisvoll; 30.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Hageneset er den landtunga som stikk ut i sjøen på nordsida av Blindheimsfjellet på Vigra.

*Vegetasjon:* Flatene på neset er tørr til nokså fuktig kystlynghei, med gras- og urterike sig eit par stader. Elles litt kalkrike strandberg med tørketolande vegetasjon, tarevoll med tangmelde, enger med hestehavre og strandrøyr m.m.

*Kulturpåverknad:* Her skal tidlegare m.a. ha vore dyrka tulipanar. Elles har her heilt klart vore beita.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av bakke søte, som reknast som ein sårbar art i Møre og Romsdal, og ormetunge, som reknast som kritisk truga (Gaarder & Jordal 2003), etter at arten ikkje er attfunnen på Smøla. Dei to lokalitetane på Vigra er dermed dei einaste kjende i fylket. I mindre parti, både i fuktig og på tørrare, tidlegare beita mark vart det funne krevande naturengplantar som blåstorr, dunhavre, gjeldkarve, gulmaure, hårstorr, kornstorr, loppestorr og vill-lin. I samband med meldevollen vart det funne både strandreddik og tiggarsoleie.

*Verdisetting:* Området verdissetast til B (viktig) på grunn av at det er etter måten artsrikt med somme regionalt sjeldne artar, kor særleg funn av ormetunge må tilleggast vekt.

### Skjøtsel og omsyn

Av omsyn til det biologiske mangfaldet bør ein ta opp att beitinga snarast. Både ormetunga og fleire av dei andre naturengplantane er avhengige av skjøtsel for ikkje å gå ut. Utegangarsau kan vere aktuelt. Framande bartre bør fjernast.

## Vigra: Langhaugen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-20
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 518 431
<b>Høgd over havet:</b>	0-60 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.07.2003, DH, PL; 07.07, 28.09 og 02.10.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området er den nordlegaste av gardane ved Roald på Vigra, og utgjerdast av ein beita kolle som flatar ut mot Langeneset.

*Vegetasjon:* Engsamfunna på strandflata kan truleg førast til frisk og næringsrik eng. Her er også fuktig fattigeng og parti med meir vekselfuktig, baserik eng. På sjøelve haugen er det både rikare sig som førast til vekselfuktig, baserik eng (t.d. blåstarr-engstarreng) og tørrare parti med til dels rik tørrbakkevegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Restar etter tyske forsvarsstillingar står att øvst på haugen. På strandflata står også eit tørkestativ for fisk. Elles er det tydeleg gjødselspåverka område, særleg aust på flatene, og ein del inngjerda område i samband med beitinga. Ein del framande bartre i vest.

*Artsfunn:* Mest interessant er kanskje funn av ein art som er kritisk truga i Møre og Romsdal (Gaarder & Jordal 2003), lodnestorkenebb. Det er ein del herbariebelegg frå Vigra opp gjennom åra, men den er no stort sett gått ut. Det vart vidare funne 27 natureng- og sæterplantar. I tillegg kjem funn av litt krevande artar som gulsildre, raudsildre og vårmarihand. Interessant er også funn av raudlistearten purpumarihand (sjå under Molnes naturreservat om status m.m. for denne), som står på strandflata i vestkant av lokaliteten.

Av beitemarkssopp kan nemnast funn av dei omsynskrevande (DC) artane raudskivevokssopp, gulfotvokssopp og ein del andre vokssoppar, alt i alt 12 vokssoppar (*Hygrocybe*). Fungaen er imidlertid berre overflatisk undersøkt, og strukturen i marka og beitetrykket borgar for at ein truleg kan finne fleire sjeldne eller raudlista artar ved seinare besøk.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er ei etter måten stor og godt skjøtta naturbeitemark som er svært artsrik og hyser somme raudlisteartar.

### **Skjøtsel og omsyn**

Området bør beitast også i framtida, helst også på nedsida av driftsvollen og heilt vest til Molneset naturreservat. Framande bartre og krusetistel bør fjernast. Ein bør ikkje gjødsle eller jordarbeide teigen.

## **Vigra: Langholmen (viltlokalitet)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-21
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 472 425
<b>Høgd over havet:</b>	0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	viltlokalitet
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	forstyrning av fuglane i hekketida
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	(Folkestad & Loen 1998)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ein berglendt holme vest for grunnvassområda i Rørvikvågen på om lag 200 x 150 m med nokre skjer ikring.

*Vegetasjon:* Ikkje undersøkt nærare, men Folkestad & Loen (1998) nemner "frodig vegetasjon i revner og kløfter, og fleire smådammar, dels gjødsle av tare".

*Kulturpåverknad:* Ingen.

*Artsfunn:* I 1994-95 hekka her meir enn 75 par av kvar av gråmåse og svartbak, 8-10 par av overvåkingsarten (DM) teist, elles gravand, tjeld og skjerpplerke.

*Verdisetting:* Området verdisetast til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein liten holme med ein del hekkande sjøfugl, m.a. raudlistearten teist. Fuglebestandane skal ha vore større tidlegare.

### **Skjøtsel og omsyn**

Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida.

## Vigra: Molnes naturreservat (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-22
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 508 430
<b>Høgd over havet:</b>	0-122 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark, sandstrand, sanddyne, strandeng, kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugs mål:</b>	Opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.07.1933, HG; 24.07.1951, 22.07.1952 og 04.07.1954, Alfred Rødland; 17.07.1965 og 10.07.1966, AR; 08.07.1966, 08.07 og 11.07.1974, 15.07.1977, 12.07.1978, 01.09.1979, 16.07.1980 og 07.06.1983, IR; 19.07.1982, Leif Malme; 05.07.1997, DH; 04.06.1999, DH, GGa, KJG; 22.07.1999, DH; 18.07.2002, JBJ; 15.06.2003, DH, PL; 07.07.2003, DH; 15.07.2003, DH, Mary Stensvold; 29.07.2003, Norsk botanisk foreining, hovudekursjonen; 02.10.2003, DH, JBJ og Trond Schumacher m.fl.; (Fylkesmannen 1995, Gaarder 1999, Jordal & Gaarder 1999, Marker 1977, Røsberg 1974d, Søvik 1945)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på norsida av Molnesfjellet og vestover mot fyllykta, og er avgrensa som naturreservat.

*Vegetasjon:* Av havstrandvegetasjon kan nemnast mindre parti med øvre salteng og brakkvasseng, m.a. med rustsivaks innafor Naustneset. Frå Naustavika til Bårevika er det eit jamt belte med eittårig meldetangvoll og gras- og urtetangvoll. Frå Smørvika vestover mot berga ved Helandsvika er det innslag av ferskvasspåverka driftsvoll, m.a. med kjeldegras. På innsida av denne er det eit smalt belte med tendensar til fordyne og primærdyne med sandstorr, svært sparsamt også strandkveke. Sanddyna inntil Molnesfjellet (Brøisanden) kan reknast som erodert sanddyne.

Ovafor Helandsvika er det fuktig med vegetasjon som dels kan førast til intermedier eller middellik fastmattevegetasjon. Rett ovafor Smørvika er det eit parti med godt utvikla fastmattemyr, og her gror det att i 2003.

I fjellsidene er det gras- og urteik hei av rikare utforming med nokså rike bergsprekk- og bergveggsamfunn. Engsamfunna på strandflata kan delast inn i fleire typar, m.a. fuktig fattigeng, vekselfuktig baserik eng, fattig lynghei, naturbeitemark og kultureng.

*Kulturpåverknad:* Her har vore beita i mange hundre år, tidlegare med hest, ungfø og sauer, med somme avbrekk heilt i det siste. Beitinga er teke opp att i vestlege delen, no med ungdyr. Fleire stader på strandflata har det vore fulldyrka mark, med dyrking av potet og tulipan, truleg også bygg. Dyrkinga opphøyrde på 1960-talet. Elles ein del gjerdar. Heilt til det siste har austlege delen av området vore nytta som øvingsområde for Heimevernet, og mindre anlegg står att.

*Artsfunn:* Nesten 50 artar som reknast som natureng- eller seterplantar er til no registrerte i naturreservatet. Dette er svært høge tal, og ingen annan stad i Møre og Romsdal er det registrert så mange artar i denne kategorien. Av sjeldne artar regionalt, dels nasjonalt, kan nemnast bakkesøte, bakkeveronika, bittersøte, blankburkne, blåstorr, bogestorr, brudespore, busttjønnaks, dvergsmyle, engstorr, kjeldegras, knortestorr, marehalm (utgått?), marinøkkel, markfrytle, murburkne, nebbstorr, ormetunge, purpurmariland, sandstorr, strandkveke, strandreddik, stortviblåd (utgått?), vill-lin, vill-lauk og vårmarihand. Bakkesøte og bittersøte vert begge rekna som sårbare artar i fylket (Gaarder & Jordal 2003), og særleg står bittersøte taliakt fleire stader i lokaliteten. Strandkveke er sterkt truga, medan ormetunge reknast som kritisk truga i Møre og Romsdal (Gaarder & Jordal 2003), etter at arten ikkje er attfunnen på Smøla. Dei to lokalitetane på Vigra (Molneset og Hageneset) er dermed dei einaste kjende i fylket. Når det gjeld raudlistearten purpurmariland, arbeidde Jan Rabben og Steinar Skrede i 1997 med ein artikkel om førekomsten i naturreservatet. Den er enda ikkje trykt, men konklusjonen (Steinar Skrede pers. medd.) var at plantane truleg er ei kryssing av engmariland og purpurmariland. Inntil dette er formelt avklart, reknar eg plantane til purpurmariland (som dei i alle tilfelle har noko av i seg). Reine former av moderartane er ikkje samla på fleire tiår.

Fungaen er nokså godt undersøkt, med undersøkingar i 1998 (Gaarder 1999) og 2003. Til no er det funne 17 raudlista artar, av desse heile åtte i kategori sårbare (V). Desse er brun engvokssopp, gul slimvokssopp, gyllen vokssopp, halmgul køllesopp, koppartunge, oliventunge, raud honningvokssopp og stanknarrevokssopp. Oliventunge er svært sjeldan med mindre enn 10 funn frå Noreg, og vart

funne som ny for Møre og Romsdal saman med studentane til prof. Schumacher i 2003. Stanknarrevokssopp var tidlegare kjent berre frå få lokalitetar på det sørlege Austlandet. Også kopartunga er nasjonalt sjeldan. Mellom dei omsynskrevande (DC) artane må ein peike på dynetunge, som her veks i store mengder. Truleg har lokaliteten den viktigaste førekomsten for denne nord for Jærstrendene. Av ikkje raudlista artar må nemnast strandvokssopp, som berre veks i sanddyner. Også denne vart ny for Møre og Romsdal, men kan vere oversett.

Av lav kan nemnast funn av den omsynskrevande (DC) kystblåfittlav, som har si verdsnordgrense på Skuløya i nabokommunen Haram, medan jordglye vart funnen som ny for fylket under hovudekskursjonen til Norsk botanisk foreining.

*Verdisetting:* Området verdsettast til A (svært viktig) på grunn av dei tunge dokumenterte biologiske verdiane, og er med omsyn til biologisk mangfald saman med Mulevika og Riste i Herøy og Elvegarden på Smøla eit av dei viktigaste kulturlandskapa på norske kysten.

### Skjøtsel og omsyn

Heile området bør beitatast også i framtida, helst av ungdyr, kan hende i tillegg med hest og sau om hausten. Skjøtelsplan bør utarbeidast og følgast opp.

### Anna

Vidare kan lokaliteten med fordel marknadførast i høve til naturfagelevar på vidaregåande skule og i høgskule- og universitetsmiljøa med tanke på undervising og forskning. Dette vil ikkje vere i strid med verneføremålet.

## Vigra: Molnesurene (sørvendt berg og rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-23
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 506 427
<b>Høgd over havet:</b>	20-100 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	sørvendt berg og rasmark, kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	spreiing av framande bartre, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.07.1955, 17.07.1965, 10.06 og 13.07.1966, AR; 08.07.1974, 15.07.1977 og 16.07.1980, IR; 15.06.2003, DH, PL; 04.07.2003, DH; (Røsberg 1974d)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på sørsida av Molnesfjellet på Vigra, og karakteriserast ved bratte sørberg, ur og kratt.

*Vegetasjon:* Det meste av området kan førast til sørvendt berg og rasmark, men mindre parti er kystlynghei. Vegetasjonen er gjennomgåande rik, med t.d. blåstorr-engstorreng og felt med meir edellauvskogsososierte vegetasjon.

*Kulturpåverknad:* Dei seinare åra har det kome opp ein del plantefelt med framande bartre. Før det har her vore beita. Også platanløn og svensk asal er i spreiding.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av strandlauk, som her fekk ny verdsnordgrense. Andre kravfulle artar var bergasal (norsk ansvarsart), blankburkne, blåstorr, store felt med dunhavre, engtjørblom (søraustleg art), gulmaure, kusymre, lodnerublom, lundgrønaks (edellauvskogsart), murburkne, rognasal (norsk ansvarsart), svarterteknapp (søraustleg art), villapal og vill-lin. Tidlegare er her også funne uvanlege og kravfulle artar som bakkeveronika, lodnestorkenebb, purpurlyng og vestlandsvikke. Desse vart ikkje funne att i 2003. Vestlandsvikke og purpurlyng er artar som i Noreg berre finst på ytterkysten i vintermild underseksjon av sterkt oseanisk seksjon, og sto her på si verdsnordgrense.

*Verdisetting:* Området verdsettast til B (viktig) på grunn av at det er eit artsrikt, dels intakt område med mange interessante artar. Strandlauk vektleggast særleg. Dersom ein finn att lodnestorkenebb, purpurlyng eller vestlandsvikke bør verdien oppjusterast til A (svært viktig).

### Skjøtsel og omsyn

Framande treslag bør fjernast snarast, då dei kan vere årsak til at fleire viktige artar truleg er utgått. Dette gjeld bartre. Det vil vere ein føremon for plantelivet om det er råd å få til beiting.

## Vigra: Roaldsneset (sanddyne)

**Lokalitetsnummer:** 1532-24  
**Kartblad:** 1220 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 524 426  
**Høgd over havet:** 0-10 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sanddyne, sandstrand  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** tekniske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 02.08.1934, HG; 01.07 og 07.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg nord for hamna på Roald og er eit mindre strandområde med sandstrand.

*Vegetasjon:* Mest interessant er partia med fordyne/primærdyne og meir eller mindre eroderte og ustabile dyner med flygesand.

*Kulturpåverknad:* Partiet opp mot den gamle driftsvollen er tydelig gjødselspåverka, og er i dag i attgroing. Bålbrenning har dessutan øydelagt mindre parti, seinast i 2003. Korgpil er eit innført treslag som veks i kanten av stranda.

*Artsfunn:* Mest interessant, og grunnlaget for avgrensinga, er førekomstane av sandstorr og strandkveke, som begge står på si nordgrense i Møre og Romsdal. Strandkveke reknast av Gaarder & Jordal (2003) som sterkt truga innafor fylket.

*Verdisetting:* Området verdsettast til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein mindre lokalitet med somme regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje fjerne sand eller vegetasjon. Dersom ein framleis skal brenne jonsokbål på stranda må ein betre omsynet til vegetasjonen.

## Vigra: Roaldssanden fuglefredingsområde (sanddyne)

**Lokalitetsnummer:** 1532-25  
**Kartblad:** 1220 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 40-42 52  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sanddyne, sandstrand  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende, verna som fuglefredingsområde i 1988  
**Undersøkt/kjelder:** 09.07.1894, Ove Dahl; 30.07.1907, R.E. Fridtz; 15.07.1933 og 01.08.1934, HG; juli 1907, Th. R. Resvoll; 17.07.1935, 15.07.1937 og 22.07.1938, Nils Søvik; 27.07.1952 og 19.07.1957, Alfred Røddland; 03.08.1974, IR; 13.08.1981, H. Edvarsen & Reidar Elven; 18.07.1982, Leif Malme; 05.07.1984, Arne Frisvoll; 01.07, 07.07 og 30.08.2003, DH; (Folkestad 1978a, Frøland 2003, Fylkesmannen 1982, Holten m.fl. 1986, Hovde 1990a, Røsberg 1974c, Søvik 1945 – i tillegg er det mange notisar om fugleobservasjonar i tidsskriftet Rallus dei siste 30 åra)

### Områdeskildring

*Generelt:* Stort område med sandstrender og sanddyner som strekker seg frå Roald til Rognodden sør for flyplassen. Etter siste utbygginga av rullebana vart området delt i to.

*Vegetasjon:* Nærast flyplassen på nordsida, er det eit langt, smalt belte med fordyne og primærdyne med einskilde menneske skapte dynetrau. Sør for flystripa er det også fordyner. Begge stader er det mindre område med tangvoll.

*Kulturpåverknad:* Heile delen langs vegen mot Roald grensar til steinfylling. I området frå vegkrysset mot Molnes og om lag 250 m sørover er sanddynene mykje godt øydelagde av steinsetting. Rett nord for flyplassen har det dei seinare åra vore teke ut noko sand. Her er også noko leplanting i kanten av verneområdet med framande bartre, også korgpil spreier seg her. Kanten mot dyrkamarka i bakkant er ofte tydeleg gjødselspåverka. Ei bu står rett nord for flyplassen.

*Artsfunn:* Typisk er det strandrug og særleg mykje sandstorr i dynene. Interessante og krevande artar i kanten mot beitemarkane i bakkant av fredingsområdet er gjeldkarve, gulmaure og jåblom, medan bittersøte, blåstorr, bogestorr og vill-lin veks i dynetraua ved bua rett nord for flystripa. På stranda finn ein m.a. nordsjøreddik og strandreddik. Innførde ugrasartar er chilhumleblom og dagfiol.

Herbariebelegg syner at det tidlegare også er funne bakkesøte, bakkeveronika, dvergsmyle, fagerknoppurt, lodnefaks, marehalm og marinøkkel. Av desse er særleg fagerknoppurt, lodnefaks og marehalm sterkt og kritisk truga i Møre og Romsdal (Gaarser & Jordal 2003). Ingen av desse vart funne att i 2003.

Av sopp kan nemnast strandvokssopp, og ein bør seinare freiste å finne fleire soppar som primært er knytte til ulike typar dynesamfunn.

*Verdisetting:* Området verdsettast til B (viktig) på grunn av at det er etter måten artsrikt og stort med somme regionalt sjeldne artar, sjølv om det er gjort ein del inngrep og somme av artane tykkjest vere gått ut. Storleiken og at området er velutvikla vektleggast mest.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør i periodar få til ei forsiktig beiting i nedkant av driftsvollen, helst med ungdyr, dette for å hindre vidare attgroing. Framande treslag bør fjernast, både bartre og korgpil, då dei er til hinder for ei naturleg og dynamisk utvikling av sanddynene.

## Vigra: Rørvikvatnet naturreservat (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-26
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 517 390
<b>Høgd over havet:</b>	10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei, intakt låglandsmyr, rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	attgroing, spreiring av framande treslag
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.07.1933, HG; 06.07.2003, DH; (Folkestad 1978a, 1995, Frøland 2003, Fylkesmannen 1982, Hovde 1990c, Ørskog 1981, – i tillegg finst ein god del fugleobservasjonar som er teke med i tidsskriftet Rallus opp gjennom åra)

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ein del av kystlyngheiane og myrane sør for flyplassen.

*Vegetasjon:* Store område med intakt låglandsmyr (nedbørsmyr), i aust også dynelynghei, som er ein sjeldan naturtype i Møre og Romsdal. Det er (ut frå fuglelivet) sannsynleg at Rørvikvatnet kan førast til naturtypen rik kulturlandskapssjø. Den handsamast her saman med resten av naturreservatet, og ikkje som eigen lokalitet.

*Kulturpåverknad:* Tidlegare har det vore eit sandtak i lokaliteten, slik at ein har fått utvikla eit særprega "ørkenlandskap" med eroderte sanddyner. Elles mange spor etter myrstikking, noko grøfting og spreiring av framande bartre. Det har også vore torvfabrikk i Rørvikmyrane (Folkestad 1995).

*Artsfunn:* I 2003 vart den sjeldne (R) myrriksa høyrst i vatnet, medan ein regionalt sjeldan art som tomirisk truleg hekkar årleg i busk og kratt kring vatnet. Stjertand (R) hekkar her midt på 1990-talet.

Tidlegare har her også vore observert ein del andre sjeldne fuglar i hekketida, mellom dei antatt hekkande artane i alle fall så seint som midt på 1980-talet var både knekkand og skeiand (R). Også brushane hadde tidlegare ein leikplass på dei no attgrodde vollane vest og nord for vatnet, myrsnipa hadde tilhald her i hekketida, og ein alpin art som lappsporv (Ørskog 1981) hekkar i heiane inntil. Dei tre sistnemnde forsvann truleg som ei følgd av attgroinga.

*Verdisetting:* Området verdsettast til A (svært viktig) på grunn av at det er eit nokså stort område med intakt låglandsmyr og dynelynghei som omkransar ein rik kulturlandskapssjø med fleire raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å fjerne framande treslag i naturreservatet, m.a. då det er dokumentert at attgroinga er årsak til at fleire fugleartar har forsvunne frå lokaliteten. Det er også ønskeleg å få til ei ekstensiv beiting, særleg rundt vatnet (jf. Frøland 2003).



## Vigra: Rørvikvågen (fukteng)

**Lokalitetsnummer:** 1532-27  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 511 420  
**Høgd over havet:** ca 10 m  
**Hov udnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** fukteng  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** attgroing, opphøyr av bruken  
**Undersøkt/kjelder:** 03.07.2003, DH, PL

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på nordsida av Rørvikvågen på Vigra og grensar til fuglefredingsområdet i sør.

*Vegetasjon:* Typiske artar for naturtypen er bekkeblom, engkarse, hanekam, mjødukt og sløkje m.fl. I nedre delen er det overgang mot strandeng.

*Kulturpåverknad:* Et par steingardar, kraftline og veiter.

*Artsfunn:* Mest interessant, og hovudgrunnlaget for avgrensinga, er dei store førekomstane av engmarrihand. Her sto i 2003 fleire hundre individ. Plantane ser ikkje heilt typiske ut, og kan godt vere ei kryssing mot andre artar i det vanskelege *Dactylothisa*-komplekset, men også innafor engmarrihand er det store variasjonar, slik at dei førebels først hit.

*Verdisetting:* Området verdsettast til B (viktig) på grunn av at det er ein sjeldan naturtype med nokså mykje engmarrihand.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida, helst med ungdyr, då her er ein del erosjon og trakkskader etter dyr som er for tunge i høve til det blaute underlaget.

## Vigra: Rørvikvågen fuglefredingsområde (strandeng og strandsump)

**Lokalitetsnummer:** 1532-28  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 510 416  
**Høgd over havet:** 0-5 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** sandstrand, strandeng, strandsump, tangvoll, undervasseng  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende, verna som fuglefredingsområde i 1988  
**Undersøkt/kjelder:** 05.07.1984, Arne Friisvoll; 03.07.2003, DH, PL; (Folkestad 1978a, Frøland 2003, Fylkesmannen 1982, Hovde 1990b, Valde 1983 – i tillegg er det mange småartiklar om fugleobservasjonar i tidsskriftet Rallus dei siste 30 åra)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg nord for Rørvika på Vigra og er eit stort våtmarksområde med viktige funksjonar for vassfugl.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er svært variert. Her er både mindre tangvollar med tangmelde, parti med strandrøyrvoll, strandsumpar og brakkvassump med fuktig i øvre delar og saltenger i nedre, spreidd også litt sandstrand. I sjølve vågen er det undervasseng med m.a. ålegras.

*Kulturpåverknad:* Opp gjennom åra har det vore grøfta ein del. Her står eit par mindre bygningar, og ei kraftline går gjennom delar av lokaliteten. I samband med beitinga er det ein del gjerder.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av ein omsynskrevande (DC) art som toppstorr, som i Møre og Romsdal berre er kjent frå Giske, Haram og Averøy, kan hende også Herøy. I rikare sig er det dessutan mykje av ein krevande og regionalt sjeldan art som gulldusk. Typiske artar i strandeng- og sumpområda er bekkeblom, hanekam, knopparve, kornstorr, myrklegg og saltbendel.

Området er svært viktig for ei rad sjeldne fugleartar. Viktigast er den akutt truga (E) åkerriksa, som i Sør-Noreg berre kan seiast å opptre nokolunde stabilt og årleg i Rogaland og Møre og Romsdal. I vårt fylke er Giske kommune den viktigaste (Stokke 2003). I 2003 var det to fuglar i området. Til vanleg

held ho til i kantane av det området som beitast, av og til også i vågen. Av andre hekkefuglar kan nemnast enkeltbekka sin, raudstilk, storspove, tjeld og vipe, gravand, stokkand og ærfugl. Tidlegare har også den sjeldne (R) skeianda hekka. Mellom sporvefuglane må nemnast årleg hekking av sivsongar, av og til kan ein også høyre raritetar som elvesongar og grashoppesongar. Vidare er området svært viktig som rasteplass haust, vinter og vår for ender, gjæser og vadefuglar, både sjeldne og vanlege artar.

*Verdisetting:* Området verdsettast til A (svært viktig viktig) på grunn av at det er eit stort, artsrikt og etter måten intakt område med fleire raudlisteartar og har viktige funksjonar for mange fugleartar.

### Skjøtsel og omsyn

Frøland (2003) peikar også på at ein bør fjerne framande treslag både utanfor og langs vernegrensa, dels for å hidre spreining, men også for å opne og restaurere området på landskapsnivå. Vidare bør ein slutte med hestar i heile verneområdet, og bytte til storfe, då hestane har trakka ned og øydelagt ein god del vegetasjon. Beitedyr bør vidare få kome til i heile lokaliteten, ikkje berre i delar, slik som i dag.

## Vigra: Røssvika (strandeng og strandsump)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-29
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 476 402
<b>Høgd over havet:</b>	0-10 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	havstrand
<b>Naturtype:</b>	sandstrand, strandeng, strandsump, tangvoll, kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	tekniske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg vest for Røssvika og inst i Røssvikvågen på Vigra.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er nokså variert, m.a. med ein ein etter måten stor tangvoll med tangmelde og tiggarsoleie med strandreddik i forkant, sandstrand med strandrug, hestehavreeng i bakkant av stranda og heilt marginalt rikare strandberg.

*Kulturpåverknad:* Sjøive strandsona innafor det avgrensa området ser ut til å ha unngått tekniske inngrep, i bakkant ein del gjerder, og her har det vore og er til dels beita.

*Artsfunn:* I rikare parti i strandenga kan ein finne krevande artar som blåstorr og loppestorr, medan strandberga kan byde på gjeldkarve, gulmaure og sandarve. I eit søkk på berga nord i lokaliteten veks dessutan ein regionalt sjeldan art som knortestorr. Denne har si kjende nordgrense i Møre og Romsdal.

*Verdisetting:* Området verdsettast til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit intakt, men lite område med havstrand kor dei estetiske verdiane er større enn dei biologiske.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør ikkje utsettast for tekniske inngrep. Beiting med ungdyr eller småfe kan vere positivt for plantelivet.

## Vigra: Røssvika: Tørneset (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-30
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 477 404
<b>Høgd over havet:</b>	0-40 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	attgroing, spreining av framande treslag
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg vest for Blimssanden og nord for Røssvika på Vigra.

*Vegetasjon:* Området karakteriserast ved kystlynghei, og er nokså urte- og grasrik. Hist og her er det innslag av rike fuksig og rik strandeng, m.a. blåstorr-engstorreng.

*Kulturpåverknad:* Her er somme gamle steingjerder. Elles noko spreining av framande bartre. Tidlegare har her også vore beita.

*Artsfunn:* I rikare, mer engprega område finn ein nokså mykje av krevande artar som blåstorr, enghumleblom, kornstorr og loppestorr. Typiske artar som understrekar kystpreget er m.a. fagerperikum, heifrytle, heisiv og heistorr. Meir kravfulle plantar som ofte finst i lynchgeiar er kättefot, knollerteknapp og kusymre. I ein av bergveggande veks også blankburkne.

*Verdisetting:* Området verdisetast til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit intakt, men ganske lite område med kystlynghei som ikkje har store biologiske verdiar. Det vektleggast vidare at dette er eit av dei siste heiområda i låglandet i kommunen som ikkje har nemnande tekniske inngrep.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast, gjerne med utegangarsau. Då slipp ein kanskje å tenke på å fjerne framande treslag, samstundes som ein hindrar attgroing.

## Vigra: Storholmen (viltlokalitet)

**Lokalitetsnummer:** 1532-31  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 42 49  
**Høgd over havet:** 0-15 m  
**Hov udnaturtype:** havstrand/kyst  
**Naturtype:** viltlokalitet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** (Folkestad & Loen 1998)

### Områdeskildring

*Generelt:* Holmen ligg nordvest for Molnes på Vigra om lag 10 km ute i havet.

*Vegetasjon:* Ikkje notert.

*Kulturpåverknad:* Fyrstasjon på sjølve Storholmen, elles ingen.

*Artsfunn:* I 1994-95 hekka her om lag 50 par med toppskarv, like mykje raudnebbterne, meir enn 10 par av overvakingsarten (DM) teist og kan hende lunde. Både lunde, alke og lomvi ser ut til å vere hekkfuglar i gode år. Elles har holmen funksjon som kvileplass for stormåse og skarv, og store flokkar med ærfugl har tilhald i myteperioden. Krykkje etablerte seg truleg i 1994.

*Verdisetting:* Området verdisetast til B (viktig) på grunn av at den er ein viktig hekkeplass for sjøfuglar, i periodar dels også med raudlisteartar som lomvi (V) og lunde (DC).

### Skjøtsel og omsyn

Fuglane bør ikkje forstyrrest i hekketida.

## Vigra: Synnesfjellet (kystlynghei)

**Lokalitetsnummer:** 1532-33  
**Kartblad:** 1120 II Vigra  
**UTM (EUREF 89):** LQ 470 390  
**Høgd over havet:** 0-90 m  
**Hov udnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** kystlynghei, rikmyr, naturbeitemark  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** attgroing, spreining av framande treslag  
**Undersøkt/kjelder:** 28.12.1984, IR; 02.07 og 11.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Med Synnesfjellet meinast her hei- og strandområda mellom Røssvikvågen og fuglefredingsområdet i Synnesvågen på Vigra.

*Vegetasjon:* Utanom meir triviell kystlynghei med røsslyng, heisiv og heistorr er det av stor biologisk interesse at ein uvanleg vegetasjonstype som purpurlynchgei vart funne i særhellingane vest for sjølve Synnesfjellet. Her er også rikare hei, m.a. med blåstorr-engstørring og parti med intermedier til rik myr med mange krevande artar. Rundt restane etter bygningane og langs grensa til fuglefredingsområdet er det også mindre areal med naturbeitemark.

*Kulturpåverknad:* Fleire restar etter gamle bygningar, ein del gjerder, gammal fyrlykt på Brimneset og fleire plantasjar med framande bartre. Området har vore beita, seinast med hestar.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av purputyng, som her truleg står på si verdsnordgrense (sjå under). Dette er også den einaste noverande kjende førekomsten nord for Breisundet. Ei rad kravfulle artar vart funne i rikare sig og rik, beiteprega hei, t.d. blåstorr, dvergjamne, engstorr, gulmaure, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jåblom, kornstorr, kusymre, loppestorr, marinøkkel, myrsaulauk, særbustorr og vill-*lin*. I tillegg har Røsberg tidlegare funne den sårbare arten (V) hinnebregne. Alt i alt må her seiast å vere eit breitt utval av dei mest kravfulle artane.

Truleg grunna beitetrykket vart også eit par omsynskrevande (DC) beitemarkssoppar funne, nemleg lillagrå raudskivesopp og *Entoloma caesiocinctum*. Også fleire vokssoppar (*Hygrocybe*) vart funne, og det er sannsynleg at ein vil finne fleire uvanlege eller raudlista artar ved nærare undersøkingar.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort, artsrikt og intakt område med fleire raudlisteartar og verdas truleg nordlegaste førekomst av purputyng (etter at førekomstane på Molnesfjellet, Vigra, og Nosa, Haramsøy etter undersøkingar i 2003 tykkjest å vere utgatte).

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida, gjerne av utegangarsauer, som treng lite stell og kan gå ute heile året. Mange stader langs kysten ser ein no at slike sauer kjem inn og skjøttar landskapet på ein god og effektiv måte. Purputyng bør ikkje plukka st.

## Vigra: Synnesvågen naturreservat (strandeng og strandsump)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1532-32
<b>Kartblad:</b>	1120 II Vigra
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 46-47 38
<b>Høgd over havet:</b>	0-15 m
<b>Hov udnaturtype:</b>	havstrand
<b>Naturtype:</b>	strandeng, strandsump, tangvoll, kalkrike strandberg, undervasseng
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.06.1976, O.M. Synnes; 22.06.1985, IR; 02.07.2003, DH; (Folkestad 1978a, Frøland 2003, Røsberg 1974b)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg rundt Synnesvågen på Vigra, og utgjerast av strandengene og grunnvassområda i vågen i tillegg til Synnesholmen og skjera rundt.

*Vegetasjon:* Strandsump med t.d. mykje myrhatt, vollar med strandkvann, noko intakt låglandsmyr innerst i vågen, elles spreidd slikt som salteng med fjøresivaks, sandstrand med strandrug, tangvollar med tangmelde og sparsamt litt rikare strandberg. Undervasseng med m.a. ålegras i vågen.

*Kulturpåverknad:* Ein del steingardar og inngjerding i samband med beitinga. Somme sauer og hestar beitar her. Fredingsområdet grensar til fulldyrka mark som er gjødselspåverka.

*Artsfunn:* Av meir krevande eller uvanlege karplantar kan nemnast bakkeveronika, blåstorr, dvergjamne, dvergsmyle, havbendel, jåblom, karve, loppestorr, saftstjerneblom, saltarve og småsivaks.

Av hekkefuglar kan nemnast gravand, grågås, raudstilk, storspove, tjeld, vipe og ærfugl. Også sivsongar hekkar årleg. Området er også viktig som rasteplass haust, vinter og vår m.a. for mange ender og vadarar.

*Verdisetting:* Området verdisetast til A (svært viktig) på grunn av at det er eit etter måten stort og intakt havstrandområde som er svært variert og har viktige funksjonar for mange fugleartar.

### Skjøtsel og omsyn

Frøland (2003) peikar på at ein bør ta opp att beitinga med storfe, og gjerne fjerne dei hestane som framleis går på beite innafør fredingsområdet, då hestar og fugleliv er ein dårleg kombinasjon. Heile området bør beitast, ikkje berre delar, slik som i dag. Framande bartre bør fjernast.

# KUNNSKAPSSTATUS

## Oppsummering av datagrunnlag etter dette prosjektet

Etter at denne undersøkinga vart fullført, er kunnskapen om verdifulle naturområde heva vesentleg. Likevel har feltarbeidet vore avgrensa av budsjetttrammene i prosjektet, og ein del feltarbeid står att. Ei av utfordringane i så måte, er å betre oversynet over totalareal og kvalitet innan dei ulike naturtypene. Dette må sjåast på som eit meir langsiktig arbeid. Dei viktigaste manglane går fram av tabellen nedafor, med fleire uprioriterte og ikkje kartlagde område.

Tabell 6. Status for kartleggingsarbeidet i ulike naturtypar.

Hovudnaturtype	Kunnskapsstatus	Vidare arbeid
Myr	Middels	Myrane nordvest for flyplassen og sør og vest for Rørvikvatnet vart ikkje undersøkte i 2003.
Rasmark, berg og kantkratt	God	Alle dei viktige områda er godt dokumenterte.
Kulturlandskap	Middels/god	Sjølv om dei viktigaste lokalitetane er kjende og avgrensa, er det behov for vidare arbeid med kartlegging av sopp ved Blimshaugen og Langhaugen. Truleg er det også ein del småområde som ikkje er fanga opp. Når det gjeld kystlynghei er ikkje dei høgareliggande områda på Valderøy undersøkte. Erkna bør undersøkast, då her har vore beia.
Havstrand/kyst	God	Alle dei svært viktige, viktige og dei fleste lokalt viktige område er godt dokumenterte, men Havsteinen er ikkje undersøkt.

## Utfordringar i lokalforvaltninga

Det er å vone at denne rapporten kan nyttast i den lokale naturforvaltninga. Utfordringane gjeld m.a. følgjande:

- Informasjon om temaet internt i kommunen og eksternt i høve til innbyggjarane, inklusiv haldningsskapande arbeid.
- Rutinar for planlegging og saksframlegging som sikrar at innhaldet i rapporten vert nytta som grunnlag for relevante avgjerder (database og datakart bør vere operativt i kommunen sitt datasystem).
- Innarbeiding av innhaldet i kommunen sine framtidige planverk.
- Innarbeiding av innhaldet i private arealbruksplanar (jordbruk).
- Supplering av resultatata i samsvar med **tabell 6** ovafor.

# KJELDER

## Generell litteratur

- Boertmann, D., 1995: Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999a: Kartlegging av naturtyper - verdsetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1999b: Nasjonal rødliste for truede arter i Noreg 1998. DN-rapport 1999-3. 161 s.
- Fremstad, E., 1997: Vegetasjonstyper i Noreg. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Gulden, G., E. Bendiksen, T. E. Brandrud, L. Ryvarden, S. Sivertsen & O. Smith, 1996: Norske soppnamn. Fungiflora. 137 s.
- Hafsten, U., 1972: Plantegeografi. Tapir. 125 s.
- Hallingbäck, T., 1995: Ekologisk katalog över lavar. ArtDatabanken, Sveriges lantbruksuniversitet. 141 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 1992: Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 1997: Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphyllorphoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.), 2000: Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Höjer J. 1995: Hotade djur og växter i Norden. TemaNord 1995:520. Nordiska ministerrådet.
- Jordal, J. B., 1997: Sopp i naturbeitemarker i Noreg. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN rapport nr. 6-1997. 112 s.
- Krog, H., H. Østhagen & T. Tønnsberg, 1994: Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.
- Mossberg, B., 1992: Den nordiske floran. Wahlström & Widstrand. 696 s.
- Myklebust, M., 1996: Truede fuglearter i Noreg. Norsk Ornitologisk Forening, Rapport nr. 5-1996. 78 s.
- Nedkvitne, J. J., T. H. Gammo & H. Staaland, 1995: Beitedyr i kulturlandskap. Landbruksforlaget. 183 s.
- NIJOS, 1993: Landskapsregioner i Noreg. NIJOS, rapport. 51 s.
- Noordeloos, M. E., 1992: Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia, 760 s.
- Noordeloos, M. E., 1994: Bestimmungsschlüssel zu den Arten der Gattung Entoloma (Rötlinge) in Europa. IHW-Verlag. 85 pp.
- Ryman S. & I. Holmåsen, 1984: Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.
- Santesson, R., 1993: The lichens and lichenicolous fungi of Sweden and Norway. SBT-förlaget, Lund. 240 s.
- Tibell, L., 1999: Caliciales. Nordic Lichen Flora 1:20-94.

## Litteratur som berører Giske

Lista nedanfor er eit resultat av søk på kommunenamnet Giske i litteraturdatabasen for naturen i Møre og Romsdal (Jordal & Gaarder 2002). Dette er dermed ei liste over litteratur som omhandlar eitt eller anna forhold som har med naturen i Giske å gjere. Berre ein del av titlane er siterte i rapporten.

- Aksdal, S., 1994: Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernvedinga rapport nr. 6 - 1994. 125 s.
- Andreassen, E. M. & Råd, O., 1977: Trekkforhold til polarsniper merket i Noreg. Sterna 16:31-45.
- Anker-Nilsen, T., 1990: Ringmerking av havsvaler og stormsv aler i Noreg. Ringmerkaren 2:144-152.
- Anker-Nilsen, T., 1991: Ringmerking av havsvaler og stormsv aler i 1990. Ringmerkaren 3:140-148.
- Anker-Nilsen, T., 1992: Ringmerking av havsvaler og stormsv aler i 1991. Ringmerkaren 4:140-148.
- Anker-Nilsen, T., 1993: Ringmerking av havsvaler og stormsv aler i 1992. Ringmerkaren 5:163-174.
- Anker-Nilsen, T., 1994: Ringmerking av havsvaler og stormsv aler i 1993. Ringmerkaren 6:173-187.
- Anker-Nilsen, T., 1995: Havsvalefangsten i Noreg i 1994. Ringmerkaren 7:201-215.
- Anker-Nilsen, T., 1996: Salte sv aler i Noreg i 1995. Ringmerkaren 8:180-196.
- Anker-Nilsen, T., 1997: Resultater fra Havsvaleprosjektet i 1996. Ringmerkaren 9:159-169.

- Anker-Nilsen, T., 1998: Resultater fra Havsvaleprosjektet i 1997. Ringmerkaren 10:159-169.
- Anker-Nilsen, T., 1999: Havsvaleprosjektets resultater i 1998. Ringmerkaren 11:104-120.
- Aune, B. 1993: Månedstemperatur 1:7 mill. Nasjonalatlas for Noreg, kartblad 3.1.6. Statens kartverk.
- Aune, B. 1993: Årstider og vekstsesong 1:7 mill. Nasjonalatlas for Noreg, kartblad 3.1.7. Statens kartverk.
- Bendiksen, E., Høiland, K., Brandrud, T. E. & Jordal, J. B., 1997: Truete og sårbare sopparter i Noreg - en kommentert rødliste. Fungiflora. 221 s.
- Bentz, P.-G., 1979: Rapport fra NNSK's virksomhet i 1978. Vårfuglefauna 2:171-175.
- Berge, D. & Molvær, J., 2000: Forslag til fremtidig organisering av regionalvannovervåking i Møre og Romsdal. NIVA-rapport O-99208, E-20480, 30 s.
- Bevanger, K. & Ålbu, Ø., 1986: Minken *Mustelavison* i Noreg. Økologisk utredning 1986:6: 1-73.
- Bevanger, K. & Ålbu, Ø., 1987: Distributional history and population development of the feral mink *Mustelavison* Schreber, 1777 in Norway. Meddelelser fra norsk viltforskning 3. serie nr. 18. 22 s.
- Birks, H., Lemdahl, G., Svendsen, J. I. & Landvik, J. Y., 1993: Paleoecology of a late-Allerød peat layer at Godøya, Western Norway. J. Quatern. Sc. 8:147-159.
- Bjørnbæk, G. 1993: Snø 1:7 mill. Nasjonalatlas for Noreg, kartblad 3.1.4. Statens kartverk.
- Bjørlykke, H., 1940: Utsyn over Noregs jord og jordsmonn. Med oversiktskarter av jordbunnsforholdene i Noreg i to blader: Sør-Noreg og Nord-Noreg. 1:2 000 000. NGU skrifter nr. 156.
- Blytt, A., 1874: Noregs Flora eller Beskrivelser over de i Noreg vildtvoksende Karplantar tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 2. s. 387-855. Christiania.
- Blytt, A., 1876: Noregs Flora eller Beskrivelser over de i Noreg vildtvoksende Karplantar tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 3. s. 857-1348. Christiania.
- Blytt, A., 1882: Bidrag til kundskaben om Noregs sopparter. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 1882 No. 5:1-29.
- Blytt, A., 1896: Bidrag til Kundskaben om Noregs Sopparter IV. Peronosporaceæ, Chytridiaceæ, Protomycetaceæ, Ustilagineæ, Uredineæ. Forh. vid.-selsk. Christiania 1896, nr 6.
- Blytt, M. N., 1861: Noregs Flora eller Beskrivelser over de i Noreg vildtvoksende Karplantar tilligemed Angivelser af de geografiske Forholde, under hvilke de forekomme. 1. Christiania. 386 s.
- Bokn, T. & Molvær, J., 1996: Undersøkelser ved utslipp på Roald, Giske kommune 2 års undersøkelser 1994-1995. NIVA-rapport O-94146, 16 s.
- Brattgard, T. & Holthe, T. (red.), 1995: Kartlegging av egnede marine verneområder i Noreg. Tilråding fra et rådgivende utvalg. Utredning for Direktoratet for naturforvaltning (DN) 1995, nr. 3:1-179.
- Brun, E., 1969: Utbredelse og hekkebestand av alke (*Alca torda*) i Noreg. Sterna 8:345-359.
- Brun, E., 1971: Spredning av havhest på Sunnmørsysten. Sterna 10:225.
- Brun, E., 1972: Kommentarer til "Populasjonsendringer hjå noen sjøuglarter i Sør-Noreg". Sterna 11:20.
- Bryhni, I., 1977: Geologi med store kontraster. I: Møre og Romsdal, serien Bygd og by i Noreg. s. 74-103.
- Bøe, R., 1987: Refleksjonsseismisk kartlegging i Vigrafjorden og Haramsfjorden, Møre og Romsdal. NGU-rapport 87.036.
- Børs Lind, C., 1972: Om aktiviteten på Giske. Rallus 2(3):14-17.
- Clarke, A. W., 1991: Sjeldne fugler i Noreg i 1989. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF), NZF og NOF. Vår fuglefauna 14:135-150.
- Dahl, E., Elven, R., Moen, A. & Skogen, A., 1986: Vegetasjonsregionkart over Noreg 1: 1 500 000. Nasjonalatlas for Noreg, Hovedtema 4: Vegetasjon og dyreliv, kartblad 4.1.1. Statens Kartverk.
- Dahl, O., 1895: Plantegeografiske undersøkelser i ydre Søndmøre 1894. Christiania Vidensk. Selsk. Forh. 1894 No. 11: 3-44.
- Danielsen, A., 1970: Nyefunn av norske karplantar (Bergen-herbariet). Blyttia 28:205-228.
- Det norske meteorologiske institutt, 1993: Nasjonalatlas for Noreg. Hovedtema 3: Luft og vann. Kartblad 3.1.1. - 3.1.7. Statens kartverk.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994: Økosystem stortareskog. Seminarreferat. DN-notat 1994-1. 82 s.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Handlingsplan for forvaltning av gjess. DN-rapport 1996-2. 79 s.
- Eikeland, J. I., 1993: Oppdrett av laks i opne merdanlegg - effekter av skringssoner for laksefisk for å redusere skader på anadrom laksefisk. I: Sivertsen, A., Walsø, Ø. & Venås, W.: Fagseminar om lakselus og tiltaksstrategier. DN-notat 1993-3. 205 s.
- Eldøy, S., 1982: Skarvenes hekkeutbredelse i Noreg (Atlasprosjektet). Vårfuglefauna 5:281-285.
- Elven, R. & Fremstad, E., 2000: Fremmede plantar i Noreg. Flerårige arter av slekten lupin *Lupinus L.* Blyttia 58:10-22.
- Elven, R. & Gjelsås, T., 1981: Strandreddik (*Cakile Mill.*) i Noreg. Blyttia 39:87-106.
- Elven, R. (red.), Lid, J. & Lid, D. T., 1994: Norsk flora. 6. utgåve. Det Norske Samlaget, Oslo. 1014 s.
- Flaten, T. J., 1980: Geofysiske undersøkelser av kvartære sedimenter på Vigra, Møre og Romsdal. Hovedfagsoppgave Universitetet i Oslo. 102 s.
- Folkestad, A. O., 1963: Fuglenotater fra Sunnmøre. Sterna 5:191-195.
- Folkestad, A. O., 1970: Blokkering av jakt hjå jaktfalk. Fauna 23:36-40.
- Folkestad, A. O., 1970: Norsk Ornitologisk Forening. Nordvestlandet. Sterna 9:41.
- Folkestad, A. O., 1971: Ornitologisk stasjon, Vigra. Melding nr. 1. Rallus 1(1):7-19.
- Folkestad, A. O., 1971: Fargemerkt tjeld fra Wales observert på Vigra. Rallus 1(2):21.
- Folkestad, A. O., 1972: Ornitologisk stasjon Vigra - årsrapport 1971. Rallus 1/2(4/1):14-24.
- Folkestad, A. O., 1972: Vannfugteljingane på Nordvestlandet 6.-21. januar 1972. Rallus 1/2(4/1):27-31.
- Folkestad, A. O., 1972: Invasjon av turteldue, *Streptopelia turtur*, på Sunnmøre 1971? Rallus 1/2(4/1):57-58.

- Folkestad, A. O., 1972: Stasjonsnytt - rapport frå stasjonsstyret. Rallus 2(2):11.
- Folkestad, A. O., 1972: Oversikt overfangst og ringmerking i Makkevik, Giske 1972. Rallus 2(3):18.
- Folkestad, A. O., 1972: Undersøking av hekkefuglørp på Sunnmøre 1972. Rallus 2(4):5-19.
- Folkestad, A. O., 1973: V. jubilerer. Lokalavdelinga er 5 år. Minijubileum - eit tilbakeblikk på første etappe i lokalavdelinga - og enno litt lenger. Rallus 3(2):5-12.
- Folkestad, A. O., 1973: Trekkforholda på Giske 1973. Rallus 3(3):9.
- Folkestad, A. O., 1973: "Isabellasteinskveit" og "kvithodeand". Rallus 3(4):23-24.
- Folkestad, A. O., 1973: Midvinterteljingar av andefugl, røker og vadefugl i Noreg 8.-23. januar 1972. Sterna 12:21-31.
- Folkestad, A. O., 1974: Vatn mellom Mauseidvåg og Langevåg. Øvrig fuglevatn i Møre og Romsdal. Landsplan for verneverdige områder/forekomster. Upubl. rapport til Miljøverndepartementet, s. 13-21 + kart
- Folkestad, A. O., 1974: Trekkforløp ogfangst i Makkevik, Giske - hausten 1974. Rallus 4:68-72.
- Folkestad, A. O., 1975: Ferskvatn av ornitologisk interesse i Herøy kommune. Landsplan for verneverdige områder/forekomster. Upubl. rapport til Miljøverndepartementet nr. 74.2, 24 s.
- Folkestad, A. O., 1976a: Generell del. Registrering av område som er av verdi for rilluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavd. 57 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O., 1976b: Giske kommune. Friluftsliv og naturvern i Møre og Romsdal, spesiell del: 12. Møre og Romsdalfylke. Plan- og utbyggingsavdelinga.
- Folkestad, A. O., 1976c: Sitronerle observert på Giske, Møre og Romsdal. Sterna 15:137-140.
- Folkestad, A. O., 1977: Dvergdykkeren som norsk hekkefugl. Sterna 16:242-262.
- Folkestad, A. O., 1978a: Fylkesvis oversikt over ornitologisk viktige våtmarksområder i Noreg. Møre og Romsdal Miljøverndepartementet, rapport. 13 s. + stort upaginert vedlegg.
- Folkestad, A. O., 1978b: Våtmarker i Møre og Romsdal I. Giske vestside, Giske kommune. Rallus 8:72-84.
- Folkestad, A. O., 1978: Merkeleg utslag av reirbyggingsinstinkt hjå svartmeis *Parus ater*. Vår fuglefauna 1:171-172.
- Folkestad, A. O., 1981: Toppskarven i Møre og Romsdal. Rallus 11:68-76.
- Folkestad, A. O., 1981: Våtmark i Møre og Romsdal. Vår Fuglefauna 4: 27-31.
- Folkestad, A. O., 1981: Ornitologisk stasjon Vigra. Summarisk årsrapport for 1980. Vår Fuglefauna 4: 188-190.
- Folkestad, A. O., 1982: På jakt etter havsvale. Rallus 12: 111-113.
- Folkestad, A. O., 1982: The effect of mink predation on some seabird species. I: Myrberget, S. (red.). Negative faktorer for sjøfugl. Viltrapport 21:42-49.
- Folkestad, A. O., 1982: Havsvalefangst i hekketida på Sunnmørskysten. Vår fuglefauna 5:236-243.
- Folkestad, A. O., 1983: Sjøfuglreservertplan for Møre og Romsdal. Rallus 13:121-123.
- Folkestad, A. O., 1995: Kommunepresentasjonen: Giske kommune. Rallus 25:85-96.
- Folkestad, A. O., 1996: Registrering av hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal 1994-95. Områda sør for Hustadvika - kommunane frå Vanylven til Fræna. Norsk Ornitologisk forening avdeling Møre og Romsdal. Ornitologiske undersøkingar Møre og Romsdal. Rapport. 130 s.
- Folkestad, A. O. & Follestad, A., 1973: Oversikt over interessante observasjonar på Nordvestlandet 1971-1972. Rallus 3(3):17-20.
- Folkestad, A. O. & Follestad, A., 1974: Ornitologiske notatar frå Nordvestlandet 1971-72. Sterna 13:273-278.
- Folkestad, A. O. & Loen, J., 1998: Hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal - ein statusrapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport nr. 4-1998. 125 s.
- Folkestad, A. O. & Mork, K., 1980: Bestandstetleik og reproduksjon hjå ramn. Viltrapport 10:106-107.
- Folkestad, A. O. & Valde, K., 1980: Ornitologisk stasjon Vigra. Vår fuglefauna 3:180-193.
- Folkestad, A. O. & Valde, K., 1985: Overvintrande sjøfugl i risikoområdet for oljeboring på Møre 1. Supplement til rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre 1. Natur- og miljøvern. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 6 -1985. 50 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O. & Valde, K., 1985: Sjøfuglundersøkingar i Møre og Romsdal sommaren 1985. Delrapport i samband med konsekvensurderingar ved oljeaktivitet på Møre 1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, Rapport nr. 9 -1985. 29 s. + vedlegg.
- Folkestad, A. O., Follestad, A. & Johansen, O., 1975: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport for 1974. Rallus 5:43-61.
- Folkestad, A. O., Follestad, A. & Johansen, O., 1975: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport for 1975. Rallus 5:110-125.
- Folkestad, A. O., Follestad, A., Valde, K., Ålbu, T. & Ålbu, Ø., 1981: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport 1980. Rallus 11:92-105.
- Folkestad, A. O., Johansen, O. & Mork, K., 1972: Oversikt over nokre sjøfuglartar på Sunnmørskysten. Sterna 11: 13-19.
- Folkestad, A. O., Johansen, O. & Valde, K., 1978: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport for 1977. Rallus 8:9-23.
- Folkestad, A. O., Rabben, J. & Valde, K., 1980: Ornitologisk stasjon Vigra. Årsrapport for 1978 og 1979. Rallus 10:9-38.
- Follestad, A., 1971: Ekskursjon til Vigra 10/10-71. Rallus 1(3):9.
- Follestad, A., 1972: Hauk over falk. Rallus 1/2(4/1):63.
- Follestad, A., 1972: Referat fra ekskursjonen til Vigra 30/4-1/5-72. Rallus 2(2):23-24.
- Follestad, A., 1972: Referat fra ekskursjonen til Giske 26/3-72. Rallus 2(2):23.
- Follestad, A., 1972: Svartbak tar rødspetter. Rallus 2(3):11.
- Follestad, A., 1977: Ekskursjons-rapport. Rallus 7:77.



- Follestad, A., 1977: Gjestar på Giske. Rallus 7:121-122.
- Follestad, A., 1978: Måsen går til åtak. Rallus 8:26.
- Follestad, A., 1978: Jaktfalk på Giske. Rallus 8:69.
- Follestad, A., 1978: Av øsetter på Giske. Rallus 8:113.
- Follestad, A., 1978: Islandsjaktfalk (?) på myrsnipejakt. Vårf uglefauna 1:207.
- Follestad, A., 1979: Brutal jakt på Gjøsunholmen. Rallus 9:75.
- Follestad, A., 1980: Ilanddrivne sjø ugler. Rallus 10:120-121.
- Follestad, A., 1981: Rapport fra LR SK. Rallus 11:14-16.
- Follestad, A., 1981: Ilanddrivne sjø ugler 1981. Rallus 11:40-41.
- Follestad, A., 1981: Faunistisk rapport for Møre og Romsdal 1975-1979. Vår fuglefauna 4:177-185.
- Follestad, A., 1982: Ilanddrivne sjø ugler 1982. Rallus 12:76-78.
- Follestad, A., 1983: Morfologiske variasjonar hjå myrsnipe *Calidris alpina* (L.) under hausttrekk. Hovudoppgåve i zoologi, Univ. i Trondheim.
- Follestad, A., 1992: Høstbestanden av grågås i Noreg 1991. Vår fuglefauna 15:85-87.
- Follestad, A., 1993: Sjøuglekartverket. Dekningsgrad og alder på dataene i kystdatabasen. NINA Oppdragsmelding 237: 1-50.
- Follestad, A., 1994: Innspill til enforvaltingsplan for gjess i Noreg. NINA Utredning 065: 1-78.
- Follestad, A. & Ålbu, T., 1983: Atlasprosjektet. Rallus 13:40-85.
- Follestad, B. A., Larsen, E., Blikra, H., Longva, O., Anda, E., Sønstegaard, E. & Reite, A. Aa, 1994: Løsmassekart over Møre og Romsdalfylke. Beskrivelse. Kartvedlegg: Løsmassekart M 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse skrifter 112. 52 s.
- Follestad, B. A., 1995: Møre og Romsdalfylke - kvartærgeologisk kart 1:250 000. Noregs geologiske undersøkelse. 1 kart.
- Folvik, A. 1997: Utskrevne gjerfunn 1996. Ringmerkaren 9:12-64.
- Folvik, A. 1998: Utskrevne gjerfunn 1997. Ringmerkaren 10:11-40.
- Fremming, O. R., 1984: Viktige truede og sårbare fuglearter i kulturlandskap i Noreg. Miljøerndepartementet, Rapport T-587. Biologisk institutt, avd. zoologi, Univ. i Oslo. 73 s.
- Fremstad, E. & Kvenild, L., 1993: Fattig heivevegetasjon i Noreg; utbredelseskart. NINA Oppdragsmelding 188: 1-17.
- Fremstad, E. & Moen, A., (red.) 2001: Truede vegetasjonstyper i Norge. NTNU, Vitenskapsmuseet, rap. Bot. ser. 2001-4. 231 s.
- Frisvoll, A. A. & Blom, H. H. 1997: Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førrebelsefaktaark. NTNU Vitenskapsmuseet Botanisk Notat 3: 170 s.
- Frøiland, Ø., 1975: Nytt funn av krabben *Geryon affinis* fra Mørekysten. Fauna 28:47.
- Frøiland, T., 2003: Re-evaluering av seks freda våtmarksområder i Giske. Rapport 2003-1. 13 s. + vedlegg.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1999: Kartlegging av biologisk mangfold i Møre og Romsdal. Samandrag av konferanseinnlegg Molde 15.12.99.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. & Miljøernavd., 1999: Område som er med i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal, biologiske registreringar i kulturlandskapet. Temakart 1:250 000. Statens kartverk, Møre og Romsdal.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1982: Utkast til verneplan for våtmarksområde i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøernavdelinga. 224 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1985: Rapport om forundersøkingar av konsekvensar ved oljeboring på Møre 1. Natur- og miljøern. Miljøernavdelinga, Molde. 123 s. + vedlegg.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1993: Statusrapport verna områder og aktuelle verneområder i Møre og Romsdal 1993. Tabell. Rapport. 8 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1996: Miljøtilstanden i Møre og Romsdal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøernavdelinga, rapport nr. 6/1996. 39 s.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1997a: Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Tilråding. 174 s. + vedlegg.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga, 1997b: Møre og Romsdalfylke. Naturatlas. Tema: Naturvern. Kart 1:650 000
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøernavdelinga, 1998: Nasjonal inndeling i landskapregioner (kart). Statens kartverk, Møre og Romsdal 1998.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøernavdelinga. 1998: Naturgeografiske regionar i Møre og Romsdal (kart). Statens kartverk, Møre og Romsdal 1998.
